# VEDLEGG E

# Matrise med samandrag, vurdering og endringar av merknader til planframlegget (2014)

**For enkelt å finne opplysningar i dette dokumentet bør det lesast digitalt.**

Trykk Ctrl F på tastaturet for å aktivere søkefunksjonen.

Du får då opp dette feltet øvst i dokumentet 

Søk på personnamn, stadnamn, g/bnr, tema eller merknadsnummer

Alle merknadane er tilgjengelige i sin heilhet på heimesida til kommunen.

**MYKJE BRUKA FORKORTINGAR:**

KPA = arealdelen til kommuneplanen. Tal angitt i parentes viser til år for vedtak.

KPU = Komité for plan og utvikling

FM = Fylkesmannen i Hordaland

HFK = Fylkeskommunen i Hordaland

FS = Funksjonell strandsone

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 678 | Rune Normann Algrøy | 18/16 5 | Algrøy | Naust | Ønskjer eigedomen omgjort frå LNF til naust og meiner tomta naturlig høyrer til naust- og båthamna. Viser til at tomta har eige målebrev og er innteikna i eigedomskartet. | Det er  gjennom arealbruken kommunen styrer kva ei tomt skal brukast til, og dette kan overstyre tidligare frådelingar.<br><br>Eksisterande naustformål ligg i tilnyting til småbåtformålet. Det er bratt og ulendt i området og ytterligare naustbygging vil vera utfordrande med tanke på terrengingrep og tilkomst.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide mindre justering av formålet | <br>Innarbeida justering av formålet i aust (0,2 dekar) |  |
| 776 | Britt Jorunn Landro | 23/9 | Angeltveit | Bustad | Merknaden ønskjer flytting av grense for LNF i samsvar med RP. Ønskjer eksisterande bustadbygg inkludert i bustaformålet. | Merknaden viser truleg til formål i KPA og ikkje i RP.  Den nordlege delen av eigedommen ligg innanfor bustadformålet i KPA. For å utløyse tilkomst, kan det vere mogleg med ei mindre justering av bustadformlet. Det er ikkje tilrådeleg å utvide sør for tilkomstveg.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | <br>Innarbeida liten justering av bustadformålet nærast vegen (0,8 dekar) |  |
| 556 | Olaug Gurvin | 52/58 | Haganes | LNF spreidd | Ønskjer aktuelle eigedom omgjort frå LNF til LNF spreidd, då den ligg i eit bebygdområde (hytter) og utanfor FS. | Det er i utgangspunktet eit bratt og eksponert område, som ein ikkje vil tilrå å bygge i. Oppføring av bustad på tomta vil vera vanskeleg utan store og markerte terrenginngrep. Området er også prega av å vera ei blanding av bustader og fritidsbustader. Hyttene som grensar til eigedommen ser ikkje ut til å ha vegtilkomst. Det kan difor bli vanskeleg å få til vegtilkomst til denne eigedommen.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide justering av LNF spreiddformålet. | <br>Innarbeida justering av LNF spreidd (1,3 dekar) |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | FjellVAR AS | | Kallestad | VA | I forbindelse med planlegging av nytt avløpsreinseanlegg er det ønskelig at det vert avsatt areal til desse føremåla. Skisser for avgrensing er vedlagt. | Tiltaket merknaden gjeld ligg i vedteken kommunedelplan for vassforsyning og avløp (2011-2022). Plassering av tiltaket var ikkje kjent ved utlegging av arealdelen til høyring i 2014. Tiltaket er naudsynt for å forbetre dei kommunale tenestene i søre delar av Fjell. Endring i arealformål bør innarbeidast i planen før endelig vedtak.<br><br>Innarbeiding av formålet no vil medføre ei omdisponering av 6 omlag 6 dekar LNF spreidd og LNF.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide formål som opnar for renseanlegg på Kallestad. | <br>Innarbeida nytt formål, for å sette av areal til reinseanlegg  (4,8 dekar) |  |
| 695 | Landbruksnemnda | | kommunen generelt, LNF | Landbruk | Landbruket har ein multifunksjonell rolle i Fjell samfunnet, som må visast att i planen,  behov for langsiktig satsing. Ei næring i utvikling, t.d. Strilalam.<br>Merknaden foreslår konkrete endringar i føresegnene knytt tiltak i LNF og i strandsona i LNF.<br>Stiller spørsmål ved om gardbrukarane kan ha ei rolle i utvikling av tilbodet knytt til båtplassar og tilgang til sjø. I LNF spreidd er det viktig at dyrka og dyrkbar jord ikkje vert nedbygd. Det bør også sikrast ein buffer mellom bustadane og dyrka mark.<br>Dei ønskjer at ei omsynssone for prioritert landbruksareal vert vurdert for området Fjell  gard – Skoge. Viktig å synleggjer potensiale for alternativ bruk av jordbruksareal i tettbygde strok.<br>Frå Fjell prestegard til Fjell festning går dei gamal ferdaveg, denne bør leggast inn i planframlegget.<br>Landbruksnemnda viser til beitpotensialet innanfor dei tre områda der det er stilt krav om overordna plan.<br>Meiner det er behov for eigne areal der hundar kan sleppast laust, dette bør lokaliserast i tilknyting til friluftsområde. | Merknaden omhandlar mange viktige tema som bør innarbeidast i planomtalen.<br><br>Føresegnene til planframlegget ivaretek i stor grad dei punkta som vert fremja i merknaden, men det kan vere behov for nokon presiseringar.<br><br>Delar av området ligg i dag med omsynssone grønstruktur, som mellom anna ivaretek  landbruket. Omsynssone landbruk bør likevel vurderast, sidan potensiale for framtidig landbruk har vore ein sentral grunn til avslag av innspel i dette området.<br><br>Ein framtidig turveg kan leggast som ei føring for planarbeidet for Fjell gard.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide omsynssone landbruk | <br>Omsynssone landruk er innarbeida sør for Fv, mellom Fjell og Skoge. |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 746 | Gunn Britt og Gunnar Hannisdal | 49/9 | Liaskjæret | LNF-retningslinje | Ønsker på lik linje med 49/46 og få fjerna retningslinjene knytt til LNF formålet. Same historikk bør ha same konsekvens. | Strandsona og naustområde er område som i utgangspunktet skal vere opne for allmen ferdsel. Retningslinja i KPA 2011 og omsynssona i høyringsframlegget 2014, er lagt der for å vise at dette er eit område som har kvalitetar knytt friluftsliv/opphald/bading i strandsona. Det må ikkje forvekslast med formålet friområde, som vil kunne utløyse tiltak og tilrettelegging av området. Retten til fri ferdsel er uavhengig av retningslinja/omsynssone for friluftsliv. Kvalitetane i området er viktig å markere med tanke på utbygging i tilgrensande formål. Omsynssona kan justerast noko i sør med bakgrunn i likebehandling, jf. naboeigedom.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide justering omsynssona friluftsliv | <br>Omsynssona er redusert i sør. |  |
| 758 | Geir Ole Lie | 49/47 | Liaskjæret | LNF spreidd | Ønskjer ei endring av grensa mellom LNF og LNF spreidd tilpassa eigedomsgrensene. | Mogleg å gjera ein mindre justering av LNF-spreidd formålet som er tilpassa dyrka/dyrkbar mark.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide justering av LNF spreidd | <br>Innarbeida justering av LNF spreidd (0,8 dekar) |  |
| 639 | Kjell Olav Lokøy | 14/4 | Lokøy | Naust | Ønskjer utvida naustformålet til å inkludere steinkai frå tidlig 1900-talet. Store delar av eigedomen elles er lagt som LNF og friområde. Verdlagt foto og kart. | Vurder utviding av naustformål, for å inkludere eksisterande kai.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide justering av naustformål | <br>Innarbeida justering av naustformål i aust for å inkludere eksisterande kai (0,1 dekar) |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 768 | Jakob Magnar Jakobsen | 12/15 | Syltøy | Naust | Ønskjer lita endring av naustformålet for å omfatte eksisterande naust bruka til kystfiske. | Vurdere å ta med naustom og sette krav om ingen nye naust og veg, ta vare på svaberg<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide justering av naustformål og føresegnsområde | <br>Innarbeida justering av naustformål og føresegnsområde for å inkludere eksisterande naust (0,1 dekar) |  |
| 787 | Hans Inge Algrøy | 18/7 | Algrøy | Naust | Viser til tidligare brev og korrespondanse og ønskjer ny vurdering av innspel 224 (2013). | Merknaden inneheld utfyllande opplysningar om lokalisering av ein mykje bruka badeplass. Ønske om endring var også vurdert i 2009 etter innspel frå H.I Algrøy. Bygdalaget sendte då også brev og stadfesta bruken av badeplassen.<br><br>Området H.I. Algrøy vil endra til naustformål er eit bratt område med formål LNF. Det er ikkje avsatt til friområde og er ikkje planlagt å skulle opparbeidast som eit friluftsområde. LNF sikrar landbruksdrift og landskapet. Det vert vist til bruken av området frå gamalt. Fortøying og båtfeste er ikkje i strid med formålet LNF. Bygging/tiltak i området vil derimot vera vanskelig då det vil kreve sprenging/utfylling for å få plass til bygg.<br><br>Området som er i bruk som badeplass ligg som naustområde i KPA.<br><br>Endring av formål vil utløyse ny høyring, men det er tilrådelig å tydeliggjera den mykje bruka badeplassen gjennom omsynssone.<br><br>**Politisk konklusjon:**tydeliggjera den mykje bruka badeplassen gjennom omsynssone. | <br>Omsynssone friluftsliv er innarbeida for det område som er avmerka i merknaden som mykje bruka badeplass. |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 642 | Tor og Britt Kolås | 23/7 | Angeltveit | Bustad | Er usamd i vurderingane av innspel nr 367b (2013), og meiner kommunen må ta omsyn og stå ved tidligare sak( 2013/3784) som gjaldt frådeling av tre tomter, mellom 23/125 og 23/162. Fylkesmannen avslo søknaden med argument om at det må avklarast i KPA. Fortau er no nyleg etablert langs Angeltveitvegen, forbi naturlig tilkomst til det aktuelle arealet. Området er å sjå som ei naturlig utviding av eksisterande bebyggelse, og ligg ikkje lenger vekke frå kollektivaksen enn øvrig bebyggelse i området. | Merknaden kjem med utfyllande informasjon og viser dei tidligare omsøkte teigane. Denne informasjonen låg ikkje ved innspel 2013. Planframlegget i 2014 justerte formålet til eksisterande eigedomsgrenser. **Politisk konklusjon:** Innarbeide ei justering av bustadformålet |  Ei justering av bustadformål er gjennomført, men omfattar ikkje alle tre tomtene som tidligare omsøkt då det ikkje er tilrådelig ut i frå terrenget og omfanget. (2 dekar) |  |
| 533 | Ellen Bjorøy | 51/1 | Bjorøy | Bustad eller LNF spreidd | Grunneigar ønskjer at tre teigar på eigedomen heilt eller delvis blir omgjort til bustad eller LNF spreidd, jamfør naboeigedomen. Teig 1 vart vurdert og ikkje lagt inn i planframlegget. Den eine teigen er delvis bebygd, dei to andre grensar til bustadområde. Ønskjer FS flytta, jf. kartvedlegg. | Teig 1 var til handsaming i 2013, grovsilt. Nytt bustadareal er blitt avslått på heile Bjorøy i denne rulleringa. Teig 2 og 3 er nye - ikkje vurdert i KU og ROS og vil utløyse behov for ny høyring. FS bør flyttast til vestsida av vegen, sjølv om det ikkje er så relevant når formålet er LNF. **Politisk konklusjon:** Justering av FS til vestsida av vegen |  FS er justert, og lagt vest om vegen |  |
| 685 | Bjorøy og tyssøy velforening | | Bjorøy | Fellestiltak Badeplass, gangveg, parkering | Krav til RP i Vestrepollen, det må takast hensyn til bruken av pollen i dag særskilt med tanke på bading, padling og roing. Eit eventuelt parkeringsanlegg må ikkje forringe kvalitetar i området. Forslag om Joasvika som tilrettelegat badeplass, og behov for gangveg i Dalen til skulen. | Krav om plan ligg i planframlegget, der viktig at velforeninga er aktive dersom det blir fremja eit framlegg til reguleringsplan. Gangvegen er ikkje del området med plankrav i Vestrepollen. Det har vore dialog mellom velforeninga og kommunen om dette etter at merknaden vart sendt inn. Det vert jobba med å finna ei løysing for å etablere ein betre gangveg mot skulen. **Politisk konklusjon:** Synleggjera intensjon om turveg i kartet og planomtalen |  Intensjon om framtidig turveg er vist i kartet med raudstipla linje, traseen er ikkje juridisk bindande. |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 577 | Sotra og Øygarden Jeger og Fisk | 47/157 og 46/177 | Bjørkedalen | Idretts anlegg | Ønskjer omgjering frå LNF til idrettsanlegg for å skape eit aktivitetstilbod til kommunen sine innbyggjarar. Gjennomføring av framtidige prosjekt er avhengig av tippemidlar, og det krev at formålet endrast til idrettsanlegg. Eigedomen er erverva i samsvar med tidligare tilrådingar om å etablere skyterelatert virksomhet i tilknyting til Sartor skyttarlag. Ein framtidig aktivitetspark skal innehalde klubbhus, toalett, leirdueskyting, bueskyting, natursti, fiskedam, klatring mm. Sambruk av parkering med Sartor skyttarlag er aktuelt ved arrangement, elles skal det ikkje køyrast opp. Parken skal vera open for organisert aktivitet i regi av SØJF, eller andre samarbeidspartar. Ikke skyting søndag, men parken open for fri bruk (natursti, gapahuk, fiskedam). | Dei fleste tiltaka som forening ønskjer kan i utgangspunktet etablerast i samsvar med formålet LNF. Fleire tiltak samla vil likevel kunne utgjera eit større ingrep som må vurderast nærmare. Det kan gjerast ei mindre justering av idrettsformålet. Eventuelt nytt bygg (klubbhus) må ligga tett på eksisterande bygg, for å redusere inngrepa mest mogleg. Andre tiltak bør vera i samsvar med formålet LNF, slik at tur og rekreasjonsområdet vert ivareteke slik det er i dag.<br><br>**Politisk konklusjon:** innarbeide mindre justering av idrettsformål. | <br>Mindre justering av formålet er innarbeida i nordvest (2 dekar) | <br> |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 644 | Saint-Gobain Byggevarer AS | 46/154 | Døsjeneset | Industri | Meiner utviding av næringsområdet (innspel 357 i 2013), framsatt av Sotra Tre og Betong AS er negativ for deira eigedom. Det har ikkje vore dialog mellom partane og innspelet vil medføre 15 mål med tilleggsarel for Sotra Tre og Betong, delvis i forkant av 46/154 sin eigedom. Dette vil hindre grunneigars rett til adkomst til sjø og vere ein ulempe. Eigar av 46/154, Saint-Gobain Byggevarer AS stiller også spørsmål ved kva begrensningar omsynssona knytt til VA legg på eigedomen. Dei forutset at eigedomen kan opprettholdast slik dagens nivå er, og at utvikling kan gjennomførast utan restriksjonar. | Endringar i arealformål er uavhenging av eigedomstilhøve. Kven som blir eigar av ei framtidig utfylling er eit privatrettslig spørsmål mellom dei som grensar til området. Sikringssona knytt til nødvendig buffer for avløp blir redusert i forhold til avgrensinga i høyringsutkastet. Næringsområdet blir då ikkje lenger berørt i same grad.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av formål, men sikringssona blir redusert. | <br>Sikringssona er redusert i omfang både i sør og nord. | <br> |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 607 | Landro Grendalag | | Landro | Fellestiltak, turvegmm | Ønskjer å etablere turveg, helst universell og lyssett frå Landrodalen, forbi gamle Landro skule og vidare på vestsida av Fuglevatnet til enden av vatnet mot Solsvik. Det vil langs ein slik veg kunne etablerast fellestiltak som badestrand. Finansiering og avtalar med grunneigarane vil grendalaget stå for. Stien kan også sjaåast i samanheng med ein tenkt turveg frå Ågotnes idrettsområde til Landro. Kva er mogleg å få til innanfor dagens formål? Merknaden tar også opp eit problem med utlsepp av kloakk i Landrovågen, som gjer område lite attraktivt som badeområde. Grendalaget syns det er gjort ein bra jobb og er positive til formålet som i planframlegget opnar for molo, ønskjer tilbakemelding frå kommunen om det er overskotsmasser som kan nyttast til etablering. Ønskjer lykke til med det vidare planarbeidet. | Turvegar som knyt saman grender og tettstader er gode tiltak for å framje gange og sykkel som transportmiddel. Planen opnar for at enkle tiltak kan etablerast i samsvar med formålet LNF. Men standarden på gangvegen er avgjerande for å om det vil utløyse krav om regulering. T.d. vil lyssetting og fast dekke krevje RP.<br><br>Utfordringane som gjeld kloakk i Landrovågen er sendt til dei fagansvarlige for dette i kommunen.<br><br>**Politisk konklusjon:** Synleggjera intensjon om turveg i kartet og planomtalen | <br><br>Intensjon om framtidig turveg er vist i kartet med raudstipla linje, traseen er ikkje juridisk bindande. |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 759 | Fiskarlaget vest | | kommunen generelt | Fiske | føresegnene:<br>Føresegnene DEL 6:<br><br>Føresegnene bør sikra moglegheitene framkomst i naustområde, slik at det er mogleg å ferdast i heile strandsona.<br><br>Ønskjer alle saker som gjeld tiltak i sjø til uttale, og at det ikkje skal gjevast løyve til legga anker og utsleppsleidningar o.l. i trålefelt og gytefelt då dette er naturgjevne plassar.<br>Er positive til fokuset planen set på forureining gjennom føresegnene.<br><br>Ønskjer at fiske skal trekkast inn som ei interesse det skal takast omsyn til i frilufts- og naturområde i sjø.<br>«I nærleiken av/i fiskeområde må det visast særlig varsemd ved lokalisering av tiltak som kan redusera verdien av desse naturgjevne områda, t.d. større kloakkutslepp, tiltak som kan hindre/redusere tilkomsten til området.» | Føresegnene knytt til sjøområda er presisert og skal no dekke merknaden frå Fiskarlaget.<br><br>Det er gjort endringar av sjøformålet utanfor Ågotnes, slik at dei naturgitte fiskeressursane er synleggjort i kartet. Formålet er kombinert med ferdsel/rigg. Det er gjennomført møter med partane for å avklare interessene i området.<br><br>Kommunen meiner dagens praksis som inneber at Fiskeridirektoratet sender vidare saker som er på høyring til lokale fiskarlag sikrar Fiskarlaget Vest som høyringspart i tilstrekkelig grad.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeide endringar som sikrar ressursar knytt til fiske | <br>Kombinert formål Ferdsel (rigg)/Fiske (trål) er innarbeida. Endringa er drøfta og avklart me dei aktuelle næringane og mynde. |  |
| 690 | Tor Glistrup | 60/6 | Turøy | Bustad og båtplass, fellesnaust | Merknaden kommenterar KPU sine vurderingar til innspelet frå 2013.<br>Kjem presiseringar av innspel som gjeld småbåtformål, behov for parkeringsareal og område til fellesnaust. | I planframlegget er det innarbeida utviding av LNF spreiddformålet som i stor grad samsvarer med innspelet frå 2013.<br><br>Tilrår ei mindre justering av småbåtformålet og føresegnsområde. Dette for å kunne gje rom for nødvendige fellestiltak. Det opnast for å tilrettelegge for køyreveg og snuplass i småbåtformålet, men P-plassar knytt til småbåthamna skal ligge lengre nord langs tilkomstveg.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeida føringar for utvikling av området gjennom føresegnene. | <br>Innarbeida ei justering av formålet (0,1 dekar) |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 555 | Arild Halvorsen | | Geitanger | LNF spreidd og båtplassar | Geitanger trenger rutebåten og har forsøkt å stimulere til bygdeutvikling. Utan båt eller fastlandssamband vil truleg øya bli utan fastbuande. Berre ein liten tilvekst er nok for å halde på rutebåten. Kvota på ein bustad er derfor eit problem for bygdeutviklinga på Geitanger. Formål som opnar for fleire båtplassar bør vera ei klar prioritering , ingen av innspela i 2013 som gjald båtplassar er tatt til følgje. Kapasiteten i Keilo vest på øya er full. Merkanden ber om at byggekvota for Geitanger aukast frå ein til fire. Det må også gjevast mogleghet for utvikling av ny båthamn. Rutebåten kan potensielt koblast mot Sotra Kystby på sikt og slik løyse opp i dagens parkeringsutfordringar på Knappskog. På lengre sikt er det ønskjeleg at fastlandssambandet kan bli ein realitet. | Det har ikkje vore press på kvotene (fire) sidan KPA 2011 vart gjodkjent i 2011. Planframlegget som var på høyring utvida eksisterande og la inn eitt nytt område med LNF spreidd. HFK og FM varsala motsegn til endringane som gjaldt det nye området, med argumentasjon om at dagens sosial og tenkisk infrastruktur ikkje gjev grunnlag for ei større utbygging på Geitanger.<br><br>Utviding av eksisterande LNF spreiddformålet som låg på høyring blir liggande.<br><br>**Politisk konklusjon:** Tilbakeføring til LNF i samsvar med dialog med HFK og FM. |  |  |
| 795 | Sund kommune | | | Regional samarbeid | Merknaden peikar på 4 område der Sund ønskjer plansamarbeid med FK:<br><br>- Reguleringsplan for ny Fv555 Kolltveit - Austefjorden<br>- Framtidig næringsområde Lundaneset<br>- Samarbeid om kommundelplan Skogsskiftet<br>- Klausulering av nedbørsfeltet Kørilen | I planarbeidet har det vore ein regional ambisjon. Kommunegrensene skal ikkje vera begrensande for å få ei effektiv planlegging. (jf. KDP Skogsskiftet).<br><br>Kommunen har lagt opp til arealdisponeringar knytt til bustad tett på kommunesenteret til Sund, og er positiv til eit samarbeid om dein KDP for Skogsskiftet.<br><br>Dei øvrige plantema/planområda som uttalen gjeld er naturlige å følgje opp i pågåande dialog eller planarbeid, som t.d. regional næringsplan. Kommunen ser fram til vidare samarbeid i dei fora.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | <br>Linjesymbol for framtidig tunnel er lagt inn i samsvar med KDP for ny Fv555 |  |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 796 | Fylkesmannen i Hordaland | | | | Uttalen frå Fylkesmann er kritisk til:<br>Utnyttinga av bustadformåla i planen.<br>Omfanget av bustader i LNF-spreidd er stort<br>Arealendringane som som følgje av innspelsnr. 349, 109 og 335 må takast ut. Også innspel 426, 442, 149a bør vurderast på nytt.<br>Etterspør status over samla areal sett av til småbåtplassar og talet på plassar i gjeldande plan.<br>Føresegnene må justerast i samsvar med statlege føringar når det gjeld plankrav, rekkefølgjekrav, flystøy og strandsona.<br>Fylkesmannen er kritisk til måten føresegnene om utnyttingsgrad er utforma, og til handteringa av eldre reguleringsplanar.<br><br>Heile uttalen frå FM kan lesast i vedlegg F | Som følgje av dialog med regionale mynde er det gjort endringar i arealbruken som berører følgjande innspel frå 2013:<br>335, 349, 426, 442, 149, 166<br><br>Det er gjort endringar i føresegnene eller omsynssone som berører følgjande innspel frå 2013:<br>374, 297,432 og Solsvik utmark og Vindeneskvarven. | Oversikt endringar i kart ligg i vedlegg F | |
| 796 | Kystverket | | | | Del av samordna uttale frå FM<br>• Hovud- og bileier må justerast i samsvar med gjeldande farleiforskrift.<br>• Teiknforklaringa til plankartet må oppdaterast i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon.<br>• Oppmoding om å ta inn ei forklarande føresegn som viser kva farleistrekane som ligg i plankartet inneber.<br>• Område som er viste som sjøareal til fiskeriføremål kjem nokre stader i strid med farleier. Desse områda må visast i kombinasjon der også farlei inngår. | Merknadane frå Kystverket er drøfta i diaologmøtet datert 26.9.2014, sjå vedlegg F<br><br>Hovud - og bileier er i stor grad oppdatert i samsvar med merknaden.Men farleier vil framleis bli vist med linjesymbol. Dette samsvarer med uteikkning av farleier i nyleg vedteken kommuneplan i Øygarden.<br><br>For å tydleggjera viktigheten av farleien i kommmunen er det innarbeida ei ny føresegn nr 33. Farlei.<br><br>**Politisk konklusjon:** I samsvar med vurderingane over. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 796 | NVE | | | | Saknar ei konkret kartlegging av flaum- og skredfare som ein del av planarbeidet.<br><br>Aktsemdskarta som ligg tilgjengelege gjennom skrednett.no er ikkje nytta. Som eit minimum bør kommunen samanhalde aktsemdskarta med byggeområda og innarbeide område med naturfare i kommuneplankartet, og knyte til ei korrekt føresegn som sikrar at fareområda vert handterte korrekt i reguleringsplanar og byggesaker. | Merknadane frå NVE er drøfta i diaologmøtet datert 26.9.2014, sjå vedlegg F.<br><br>Aksemdhetskart er lagt til grunn for innarbeiding av faresone steinsprang.<br><br>Heimlane for føresegner knytt til flaum og risiko- og sårbarhetsvurderingar er oppdatert.<br><br>**Politisk konklusjon:** I samsvar med vurderingane over. | | |
| 568 | Avinor | | kommunen generelt | Flystøy | Del av samordna uttale frå FM.<br><br>Restriksjonsplanen/ byggerestriksjonskartet for Bergen lufthamn Flesland må leggjast inn i kommuneplankartet som omsynssone, slik at gjeldande høgderestriksjonar omkring rullebana og naudsynte byggerestriksjonar rundt navigasjonsanlegga går fram av kommuneplanen. I tillegg må det knytast til ei føresegn om at omsynssona må vidareførast i reguleringsplanar.<br><br>Omsynssoner og føresegner skal minimere problema som flystøy kan føre til i område som vert planlagde til støyfølsame føremål. | Merknadane frå NVE er drøfta i diaologmøtet datert 26.9.2014, sjå vedlegg F.<br><br>Motsegnspunkta frå Avinor vert innarbeidd i plankart og føresegner. Prognoser for flystøy 2020 er lagt til grunn for gul støysone, og restriksjonar knytt til byggehøgde er lagt til grunn for sikringssone.<br><br>**Politisk konklusjon:** I samsvar med vurderingane over. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 806 | Hordaland Fylkeskommuen | | | | Hordaland fylkeskommune rår i frå byggjeområde som ikkje er i samsvar med samordna areal- og transportplanlegging. Det gjeld både nye bustadområde og nye område for LNF spreidd .<br><br>Talet på einingar i LNF spreitt bustad i heile kommunen bør reduserast for å reservere potensielt byggjeareal til kommande rulleringar.<br><br>Omsynssone for gjennomføring H810-74 er i strid med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi på Vindeneskvarven.<br><br>Enkelte naustområde fortettar strandsona i område med arealpress, ligg i område eigna for friluftsliv eller er heilt nye naustområde.<br><br>Heile fråsegna kan lesast i vedlegg F. | Som følgje av dialog med regionale mynde er det gjort endringar i arealbruken som berører følgjande innspel frå 2013:<br>335, 349, 426, 442, 149, 166<br><br>Det er gjort endringar i føresegnene eller omsynssone som berører følgjande innspel frå 2013:<br>374, 297,432 og Solsvik utmark og Vindeneskvarven. | Oversikt endringar i kart ligg i vedlegg F | |
| 561 | Statens Vegvesen | | kommunen generelt | Trafikksikkerhet | Er nøgd med rekkefølgjekravet som ligg i høyringsutkastet om trygg skuleveg, og viser til rikspolitiske retningslinjene for areal- og tranasportplanlegging.<br>Peikar på utfordringane med utbygging i LNF spreidd, då det er vanskelig å få opparbeida tilstrekkelig infrastruktur. Desse områda bør vurderast som bustadområde.<br>Meiner det er uheldig å opne for nye kaiareal som avlastning for Ågotnes på Vindeneskvarven før dette er sett i samanheng med nasjonale behov.<br>Peikar på behovet for | Planframlegget samsvarer i stor grad med føringane frå SVV.<br><br>Kommunen er klar over utfordringane med LNF spreiddformål i pressa områda. Planframlegget har i eit par tilfelle endra LNF spreidd til bustad og LNF. Desse vurderingane blir viktig å halde fram med i framtidig planarbeid.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 554 | Bergen og omland hamnevesen | Sjøområda generelt, | Sjøområda generelt, | sjøområda | Då planframlegget ikkje viser konkrete tiltak i sjø tilrår dei at det innarbeidast ei generell føresegn om at tiltak i sjø krev tillatelse etter hfl § 27 og at tillatelse ikkje kan bli gitt dersom tiltaket kjem i konflikt med omsynet til god framkommelighet og sikkerhet i sjøområdet.<br><br>BOH ønskjer på lik linje med Bergen sjøfartsmusuem saker som gjeld tiltak i sjø og strandsone til uttale. | Byggeformål som er lagt inn i KPA før 2011, hadde andre krav til KU. Difor bør det leggast inn ei generell føresegn som sikrar at det gjerast særskilte vurderinga av framkommelighet og tryggleik i sjø. Også vurdere uheldig samlokalisering.<br><br>**Politisk konklusjon:** Innarbeiding av føresegn som tek høgde for merknadane. | | |
| 793 | Fiskeridirektoratet | | | | Kommunen har lagt til rette for medverknad frå berørte interesser, og innspel som har kome  inn har vore drøfta og vurdert. Viktige gyte og oppvektsområde for fisk er teke med i planen på ein måte som er samanfallande med Fiskerdirektoratet sine registreringar, med nokre få unntak. Dette skuldast truleg teknisk feil. Merknaden inneheld elles presiseringar av regelverket dei handhevar som er viktig for planlegging etter pbl. Dei har ikkje merknader til Kystverket sitt krav om at farlei/ferdsel må takast inn som arealkategori i kombinasjon med fiske.<br><br>Det er positivt at akvakulturområda er vist med faktisk arealbruk, inkludert fortøyingane. Fortøyingssystem kan i nokre høve representere konfliktpotensial med fiske og særskilt trål. | Merknadane frå NVE er drøfta i diaologmøtet datert 26.9.2014, sjå vedlegg F.<br><br>Manglane i gyte- og fiskeområde er innarbeida og no i samsvar med Fiskeridirektoratet og KPA 2011.<br><br>Det er gjort endringar av sjøformålet utanfor Ågotnes, slik at dei naturgitte fiskeressursane er synleggjort i kartet. Formålet er kombinert med ferdsel/rigg. Det er gjennomført møter med partane for å avklare interessene i området. For endringar sjå merknad 759, fiskarlaget vest.<br><br>**Politisk konklusjon:**oppdatering av plkankart i samsvar med merknad | | |
| 729 | Frede Torsheim | 56/49 | Krossleitet | Samferdsel | Viser til at delar av eigedomen er bandlagt som samferdsel, men at det er gjort vedtak om annan trase - tunnell for Fv555. Ber om at det vert gjort endring av formålet, ev. kva kompensasjon eller innløsningstilbud kommunen kan tilby. | Det er vedtatt oppstart av reguleringsarbeidet for ny Fv 555. Dei delar av samferdselsformålet som ikkje skal nyttast til ny vegtrase/anlegg vert omgjort. Eventuell rett på innløysing vert først tema når RP er vedteken. For dei delar av traseen der det skal vurderast tunell blir dette lagt inn i kommuneplanen før endelig vedtak.<br><br>**Politisk konklusjon:** Oppdatering av plankart jf. vedteken KDP for Fv555 | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 711 | Arthur Pedersen | 17/3 | Algrøy | Naust | Området blei omgjort frå naust til LNF (i 2007?), og ønskjer no ei omgjering tilbake til naust. | Merknaden viser til innspel i 2009. Naustformålet vart då utvida til å inkludere fylling. Mellom naustformålet og eit hamneformål i vest er det eit LNF område. Ved å la dette ligge som LNF vil ein skape ein buffer mellom naustområdet og hamneområdet. Ein buffer vil kunne redusere potensiell konflikt mellom formåla.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 673 | Ailin Bruland | 41/17, 126 og 184 | Arefjord | Bustad | Ønskjer omgjering av formål frå LNF til bustad, då eigedomane ligg tett opp til eksisterande bustadbebyggelse. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa. Det er heller ikkje tilrådeleg å gjera endringar før verknadane (støy) av ny veg (Storskaret) kjendt.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 771 | Ard Areaplan, | | Arefjord | Tenesteyting/ næring | Merknaden gjeld framlegg til alternativ tomt for bensinstasjonen på Straume. Forslag Stekevika i Arefjord som skal utfyllast som følgje av nytt Sotrasamband. Arealet må ha plass til trailerparkering, stad for bubiltømming og ladepunkt EL-bil. Kan kombinerast med turistinformasjon. | Etablering av ein bensinstasjon i Arefjord på fyllmasser frå Sotrasambandet er avhengig av at høgspent blir kabla. Etter dialog med BKK viser dette seg å vera lite realistisk. Det er viktig med eit slikt tenestetilbod i nærleiken av sentrum, og RP Sotrasambandet regulerar truleg inn eit areal til dette på Bildøy.<br><br>Det er ikkje tilrådelig å gjere endringar i arealbruken knytt til eit slikt tenestetilbod som del av rulleringa av KPA.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014, og det vert vist til pågande planprosess for Sotrasambandet. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 542 | Roald Sæterdal | 36/32 | Arefjordpollen | Friluftsområde | Meiner at det må etablerast eit brusystem for fotgjengere og syklister over Skjærgardsvegen ved høyden ved BKK. Der går dagens sti vidare nordover. I tillegg bør den lille vegen fra turvegen Foldnes kirke/Hjelteryggen gå heilt ned mot Arefjordpollen. Ein slik tilkomst vil gje mogleghetar for å kunne nytte nordlege og austlege del av pollen til bading, fiske og andre frilufts aktivitetar. | Merknad gjeld eit område som ligg innanfor varslingsområde for RP Sotrasambandet. I tillegg er det varsla oppstart for ny tilkomstveg til Foldnes frå Arefjord. Problemstillingane knytt til tilkomsten og turvegar kan bli utløyst ved realisering av desse planane.<br><br>Det er ikkje tilrådelig å gjere endringar i arealbruken knytt til eit slikt tenestetilbod som del av rulleringa av KPA. Men oppfordrar til å vera aktiv i høyringsperioden til dei nemnte reguleringsplanane.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014, og det vert vist til pågande planprosess for Sotrasambandet. | | |
| 802 | Prosjektstyring Vest AS | 34/3,4 mf | Bildøypollen | | Håpar innspelet kan vurderast sjølv om fristen er gått ut. Grunneigararne ønskjer å kome med innspel/skisse til korleis trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar kan løysast på ein trygg og god måte. Samtidig kan det etablerast nye naust og tiltrengte båtplassar i eit område som står ovenfor ei stor utbygging. | Store delar av området som merknaden gjeld ligg alt som småbåtformål med plankrav. RP kan setjast i gang, og ta opp i seg problemstillingane som er knytt til gangveg.<br>Kom inn etter fristen (19.10)<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 575 | Svein Helland | 50/36 | Bjorøy | Bustad | Har ein fritidsbustad i LNF, det ilgg heilårsbustader i området rundt. Ønskjer bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Fritidsbustaden tilfredstiller tekniske krav. | Det er skilnad på bruksendring av eit bygg og endring av arealbruken. Bruksendring må det søkast om, separat.<br><br>Vurderingar knytt til endring av arealformål høyrer til denne planprosessen. Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Området er prega av ei blanding av bustader og fritidsbustader, som ligg i strandsona. Vurdering av endra  arealdisponeringar i området må sjåast i samanheng og gjerast samla. Det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 608 | Kjartan Blindheim | 50/2 | Bjorøy | Båtutsett, kai, vinteropplagring, bustad | Ønskjer å endre område frå LNF til eit formål som opnar for kai, slipp og båtutsett, vinteopplagring. Ønskjer også delar av eigedomen omgjort til bustadareal. Vedlagt skisse. | Området er komplekst og består i dag av ei blanding av bustader og fritidsbustader, som ligg i strandsona. Vurdering av eventuelle endringar i arealdisponeringar i området må sjåast i samanheng og gjerast samla. Tilrår ikkje omgjering frå LNF til byggeformål då merknden gjeld er eit av få område i strandsona som ikkje er utbygd.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 681 | Per Helge Nilsen | 50/397 | Bjorøy | Bustad | Ønskjer eigedomen omregulert frå fritidseigedom til bustad. Ligg i eit område som har bustader. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Området er prega av ei blanding av bustader og fritidsbustader, som ligg i strandsona. Vurdering av endra arealdisponeringar i området må sjåast i samanheng og gjerast samla. Det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 693 | Irene og Øyvind Smith-Jahnsen | 50/16 | Bjorøy | Bustad | Omgjering frå LNF til bustad, og flytting av FS | Området er prega av ei blanding av bustader og fritidsbustader, som ligg i strandsona. Vurdering av endra arealdisponeringar i området må sjåast i samanheng og gjerast samla. Det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 697 | Tor O. Oen | 50/7 | Bjorøy | Naust | Endring av formål frå LNF til naust, i samsvar med bruken av området i dag. | Området ligg i omsynssone for friluftsliv. Eksisterande naust som vert liggande i LNF-formål kan framleis nyttast som naust, men det vert ikkje mogleg å bygga nye naust i desse naustmiljøa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 538 | Morten Vinterstø | 42/17 | Brattholmen | Bustad | Ønskjer omgjering frå LNF til bustad, inkludert ei nøstetomt. | Området som ønskjer omgjort ligg i all hovudsak i FS. Den del av tomta i nordre hjørne som ikkje er bustad, men LNF, er ikkje til hinder for utnytting av tomta til bustadbygging. Tilrår ikkje endring til naust og bustadformål, som vil opne for fortetting i strandsona.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 549 | Erik Rennedal Eiendoms selskap AS | 42/23 mfl. | Brattholmen | Kombinasjon av bustad og næring | Ønskjer å styrke drivergrunnlaget for selskapet som i dag i hovudsak er basert på leigeinntekter frå butikken på Brattholmen. Dette kan styrkast dersom det vert opna for å bygge bustader i kombinasjon med næringsbygg, t.d. oppå og bak butikken. | Merknaden tek opp i seg endringar som kan styrke Brattholmen som handel- og møtestad.<br><br>Endringane vil krevje ny høyring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 719 | Geir Nordahl Pedersen | 42/18, 134 | Brattholmen | Bustad | Gjeld omgjering av eit LNF område som er inneklemt mellom to bustadformål. Ønskjer omgjering til bustad for å kunne søke om bygging i framtida. | Det er ikkje tilrådelig å ytterligare privatisere i ei alt pressa strandsone.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 595 | Trygve Madalon Olsen | 45/34 | Ebbesvik | Bustad | Ønskjer område omgjort frå LNF til bustad, på eigedomen ligg det ein fritidsbustad. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 651 | Torill Kvalheim | 56/51 | Fjell | Bustad | Ønskjer eigdom 56/51 omgjort frå LNF til bustad, evt LNF spreidd. Og viser til at dette var formålet ved frådeling i 1988. Bustadbygging på teigen vil kunne utgjere eit fint tun med dei 3 bustadane som alt er der. LNF natur berører ikkje eigedomen. | Omgjering til LNF spreidd vil opne for fortetting utover denne eine tomta. Området ligg også tett på fv 555 som er under regulering, og endringar i arealbruken er ikkje tilrådelig no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 716 | Oplysningsvesenets fond | 58/1 | Fjell | Bustad | Omgjering av området som prestegarden på Fjell ligg i frå LNF til bustad. Området ligg også i omsynssone for friluftsliv og grønstruktur. | LNF formålet hindrar ikkje bruk av eksisterande bustad. Området ligg innanfor gjennomføringssone som set krav om områdeplan for Fjell gard. Jordbruksarealet av eigedomen høyrer naturlig til gamle Fjell sentrum, og har ei kopling mot landbruksareal på Fjell. Eventuelle arealdisponeringar må vurderast i samanheng for utviklinga av Fjell gard.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 539 | Lillian Askeland | 36/1009 | Foldnes | Bustad | Ønskjer at tomt som er dels bustad/dels LNF i strandsona vert endra til byggjeområde bustad for oppføring av bustad og garasje. | Den del av tomta som ikkje er bustad ligg i FS og har formål LNF. Det er ikkje hensiktsmessig å endre formål så lenge FS ikkje skal justerast. Konkret vurdering av justering av FS og formålsendring må sjåast i samanheng med ein overordna plan for heile Nordre Litle Sotra.<br><br>Det er ikkje gjort endringar i arealbruken for nord for KDP Straume. Ønske om endring må eventuelt sendast som nytt innspel til framtidig planprosess.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 636 | Liv Kjersti Skoge | 36/7 | Foldnes | Bustad og KDP | Saka gjeld RP Ranen- Foldnes, som er varsla oppstart på. Det er bruka masse ressursar på utarbeide planframlegg som snart er klart til innlevering. Kva betydning får kravet om KDP for denne planen? Skal varslede/pågåande saker gå som før og nye bli satt på vent? | Kravet om overordna plan har ikkje tilbakevirkande kraft på planar som alt er igangsett. Kommunen vil ikkje tilrå å sette i gang regulering før overordna plan er vedteken.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 671 | Grethe Elise Foldnes | 36/137 | Foldnes | Bustad og KDP | Ønskjer frådeling eller seksjonering av eigedomen. | Eigedomen ligg i bustadformål, og frådeling krev eigen søknad.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 799 | Arild Halvorsen | | Geitanger | | Sjå merknad 555 | etter fristen | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 658 | Petter Bjerke Taraldset | 31/14, 43,98 og 99 | Geitanger | Fritidsbustad | Areal i gjeldande kommuneplan er LNF og naust, området ligg også delvis innanfor FS. Ønskjer endring til fritidsbustad for ei hytte som i dag ligg i naustformålet, og vil også justere FS og utvide formål for fritidshus i bakkant av eksisterande hytte for å gje rom til 2-3 nye hytter. Argumenterar for at dette vil bidra til bruk av området og slik samsvare med temaet kystkultur. | Naustformålet hindrer ikkje dagens bruk. Vurdering av nye formål til fritidsbustader er ikkje tema for denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 701 | Wenche Snekkevik | | Geitvika | Friområde | Ber om at KPA blir oppdatert i forhold til RP Geitvika | KDP for Straume gjeld for området. Dersom RP vert vedteken før endeleg vedtak av KPA, vert oppdatert arealbruk vist i KPA. Sjølv med vedteken RP vil KPA berre vise hovudtrekka/hovudformåla i RP (generalisert formål).<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 606 | Robert Luke | 52/253 | Haganes | Bustad | Ønskjer fritidsbustad omgjort til bustad. Viser til dialog ved planlegging av området i 1989, og lovnad om å bruke området til heilsårsbustad. Argument som tilgang på kommunalt vann, fiber, kort veg til Skogsvåg innbyr til heilårsbruk. Området eignar seg lite til fritidsbustad pga helikopterstøy, støy og lukt frå Skaganeset industriområde og etablering av nye bustader i området. Viser til folkemøte og forhåpningar om å endring til bustad. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>Merknaden held fram eit argument om at støy og lukt frå Skaganeset gjer området ueigna som ueigna til fritidsbustader. Dette er ein faktor som også vil ha konsekvensar for kva kvalitetar området har som bustadformål.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 623 | Hans Kristian Instebø | | Haganes | Bustad | Området som er hytte og fritidsbustad på Haganes eignar seg ikkje lengre til slik bruk. Argumentasjon: Nærleiken til Skaganeset industriområde, nye bustader i nærområdet, frtidsbustader for sal blir ikkje selt. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>Merknaden held fram eit argument om at støy og lukt frå Skaganeset gjer området ueigna som ueigna til fritidsbustader. Dette er ein faktor som også vil ha konsekvensar for kva kvalitetar området har som bustadformål.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 619 | Kristofer Lie | 57/5 | Kleivane | Bustad | Ber om at det oransje området som grensar til pågåande RP for Huldraspelet vert teke ut av planen. Området vert bruka som beite for villsau. | Det oransje området det vert vist til er temkartet for innspill 2013  og viser til eit areal som er omgjort frå bustad til LNF. Endringa er gjennomfør då det er vudert som eit restareal som ikkje vart inkludert i RP. Området ligg no som LNF. At arealet vert bruka som beite for villsau er i samsvar med arealbruken i planframlegget 2014.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 661 | Sigba Eigedom AS | | Knarrevik | Næring | Merknaden gjeld to område i tilknytning til næringsområdet for Sigba Eigedom AS som ønskes omgjort til næring (vedlagt kart). Det eine området ligg sør for industriområdet/dagens kontorbygg. Det andre er eit område nord for Mustadvatnet i den vestlige randsona til næringsområdet. Det vil skje store endringar i ormådet i forbindelse med nytt Sotrasamband, som truleg vil bandlegge 15-20 % av noverande areal og skape store utfordringar for drifta (adm. bygg må rives), og framtidig ekspansjon. Verksemda representerer viktige og langsiktige aktørar på Sotra innan ulike industriproduksjonar og avfallshandtering som m.a, treng djupvasskai. Nærleiken til hovudvegnettet er ein fordel, også etter Sotrasambandet er bygt. | Det er ikkje tilrådelig å gjera endringar i arealdelen i dette området då det pågår detaljregulering av Rv555.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 540 | Arne Marting Engelsen | 33/298 og 467 | Kolltveit | Bustad | Ønskjer eigedomen omgjort frå LNF spreidd til bustad | Eigedomen ligg ikkje som LNF spreidd, men delar er disponert til bustad, resten er LNF. Bruksnummer 467 er ei tilleggstomt som i sin heilhet ligg i LNF. Eigedomane ligg eksponert til sett frå sjøsida. Stort potensiale for utvikling av eigedommen ( 1,7 mål). Parkering bør kunne løysast i bakkant av bustadhuset.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 728 | Ole Martin Glesnes | | Eide | Bustad | Merkanden argumenterar mot bustadformålet som er lagt inn som følgje av innspel 297 (2013). Trafikksituasjonen er utfordrande og KU/ROS analysen tilrår ikkje formålet. | Merkanden opplyser interne trafikkale utfordringar i dag, og er kritisk til ytterligare utbygging i dette området. Viser til store planar for utbygging på Sekkingstad, vest for vegen. Dersom det blir liggande så bør det sikrast at RP løyser interne trafikk utfordringar.<br><br>Området har vore drøfta med HFK etter at det var varsla motsegn til området. Motsegna vart trekt med vilkår om trafikksikringstiltak nordover. Interne trafikkale forhold vert utbetra ved at området vert detaljregulert.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av formål, men føresegnene sikrar trafikksikring. | | |
| 670 | Kobbeleia grendalag | | Ekerhovd | Bustad | Bakgrunnen for innspelet i 2013 var at det har vore låg tilvekst av bustader i grendene Ekerhovd, Lie og Liaskjæret. Grendalaget stiller seg positive til at dagens rigide kvotesystem blir endra. Er opptatt av at bygda fortsatt skal vere grøn, med ei naturlig utvikling der topografien tillet det. Merknaden gjeld ønskje om å flytte byggegrensa for LNF spreidd høgare, frå 200-280 m til 350 meter vest for vegen. Dette vil vera innanfor prisnippet om 500 m avstand frå fv. | Merknaden ønskjer ytterligare utvding av LNF spreidformålet på vestsida av Fv. KU tilrår berre ei mindre utviding av formålet, som alt er innarbeida i planframlegget. Utviding av formålet til 350 moh, er ikkje vurdert i KU.<br><br>I dialogen med FM vart det konkludert med at endring i samsvar med merknaden vil utløyse krav om ny høyring, og at det er rom for bygging innanfor gjeldande LNF spreidd-formål.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 715 | Ard Areaplan, | 46/2,5 og 7 | Ekerhovd | Bustad og områdeplan | Merknaden gjeld innspel 376 a og b (2013) og argumenterar for satsing i området sett i lys av nærleiken til Sotra kystby. I ei områderegulering vil ein kunne regulere inn ulike funksjonar, også friområdet og offentlige eller privat tenesteyting. | Merkanden løftar ei problemstilling og planbehov som har vore drøfta i planprosessen. Områderegulering er eit plangrep som kan vera aktuelt i ei seinare rullering. Det må vurderast om LNF spreidd er det rette formålet for eit område som ligg releativt tett på Kystbyen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 629 | Kristofer Lie | 57/5 | Fjell | Bustad | Ber om ny vurdering og kjem med tilleggsopplysningar knytt til tilkomst, friluftsliv, landskap og tilgrensande arealbruk. Det er i tillegg teknisk infrastruktur og ein nærleik til sentrum som tel positivt. Mykje av arealet i sentrum er godt jordbruksland og det bør derfor opnast for bustadbygging utanom sentrum. Det kan ta lang tid å få på plass ein områderegulering, og det bør opnast for bygging utanom denne grensa. | Merknaden kjem med tilleggsopplysningar, men stadfestar dermed også behovet for å sjå området i heilskap for å finne gode løysingar. Det er ikkje tilrådelig å opne for ytterligare bustadbygging før verknadane av ny hovudveg er kjent (planlegging av RP Fv555 er under arbeid). Ny hovudveg sør er avgjerande for teknisk infrastruktur i området.<br><br>Avgrensing av ein framtidig overordna plan vil endelig fastsettast ved oppstart av planrbeidet.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 674 | Torill Irene Fjell | 56/9 | Fjell | Bustad | Ønskjer ny vurdering av innspel 293a frå 2013. | Sjå 772 | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 739 | John Kjell Fjell | 57/2 og 143 | Fjell | Bustad | Ønskjer ny vurdering av innspel 304 (2013), og ser ei endring i samsvar med bustadareal i 500 metersona frå Fv som eit godt alternativ til heile området. Det er god kapasitet på Ulveseth skule. | Merknaden kjem med utfyllande informasjon om teknisk og sosial infrastruktur. Viser også til dellingssøknad for området. I vedtak til delingssøknad er det gitt løyve til frådeling av 49 dekar til LNF (uendra bruk). KU har vurdert at området ligg inne i eit større samanhengande naturområde, Midtmarka LNF-natur. Utbygging her vil utgjere ein kile inn i større samanhengande naturområde.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 740 | John Kjell Fjell | 57/2 | Fjell | Bustad | Ønskjer ny vurdering av innspel 391 (2013) som gjeld eit restareal knytt til Solheimsfeltet. | Merknaden kjem med opplysningar om at det er snakk om eit restområde. Området ligg innanfor krav om områderegulering, og nærmare vurdering av bruken av området kan bli tema i ein slik plan.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 747 | Husbyggernes innkjøpskontor | 57/2,143 | Fjell | Bustad | Gjeld same område som merknad 739 | | | |
| 770 | Oddvar Fjell | 57/8 | Fjell | Bustad | Merknaden gjeld eit område som ligg att mellom regulerte område på Litlakvilet. Merknaden preiserar at dette er eit viktig areal for å sikre det økonomiske grunnlaget for drifta av garden. | Det vart vurdert å ta ut den delen av bustadformålet som ikkje er utbygd. Denne endringa vart ikkje gjennomført, og området ligg framleis som eit bustadformål, som kan detaljregulerast, slik det ligg i KPA 2011.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 772 | Torill Irene Fjell | 56/9 | Fjell | LNF spreidd og omsynssone grønstruktur | Den del av merknaden som gjeld omsynssone er retta mot innhaldet og manglande fokus på kulturlandskapet og landbruksverdiane. Meiner omsynssone grønstruktur påfører hindringar for landbruksdrift. Merknaden er også usamd i vurderingane knytt til endringa av LNF til LNF spreidd. Det foreslåtte arealet er på eit mindre produktivt areal enn det som i dag ligg som LNF spreidd. | Merknaden kjem med utfyllande informasjon. Dersom landbruksdrifta tilseier at det er behov for ein kårbustad kan dette søkjast om og er i samsvar med LNF formålet. KU peikar på at området er eit viktig landbruksområde og ligg i eit sårbart landskap.<br><br>Intensjonen til omsynssone grønstruktur er ikkje å hindre landbruksdrift, men å framheva naturressursar. Føresegnene bør difor endrast slik at også landbruksverdien kjem fram.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av formål, men føresegnene og planomtalen presiserar kva omsynssone grønstruktur skal sikre. | | |
| 640 | Vidar Fjereide | 29/8 | Fjæreide | LNF spreidd | Er usamd i vurdering av konsekvensane for landskap og graden av eksponering for innspel nr 144 (2013). Meiner bustadane ligg på same nivå som dei bustadane søraust for innspelet. Ser denne omgjeringa som ei naturlig erstatning for areal (3 tomter) som gikk med til sikring av areal til utviding av veg. | KU viser til at området ligg på ein knaus over Fjæreidepollen. Bygging av bustadar her vil ligge eksponert mot eit særprega landskapsrom kring pollen. Innspelet er i funksjonell strandsone.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 684 | Lars Paul Foldnes | | Foldnes | krav om KDP | Føler seg nedprioritert og krev at KDP vert starta opp inneværende år. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 600 | Fjell Bustadstifting | 36/70 | Foldnes | Bustad og KDP | Ønskjer at innspelet skal innarbeidast jf. vurderingane i KU/ROS, og påpeikar at kravet om å utarbeide KDP er det same som å sette heile nordre del av Litle Sotra på vent, og stiller spørsmål ved heimelen til dette. Det vert vist til § 13 i pbl som seier at det skal pågå aktiv planlegging for å kunne bruke heimelen som omfattar midlertidig forbud mot tiltak. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 602 | Malene Foldnes Vestbø | 36/249 | Foldnes | Bustad og KDP | Ønskjer at innspelet skal innarbeidast jf. vurderingane i KU/ROS, og påpeikar at kravet om å utarbeide KDP er det same som å sette heile nordre del av Litle Sotra på vent, og stiller spørsmål ved heimelen til dette. Det vert vist til § 13 i pbl som seier at det skal pågå aktiv planlegging for å kunne bruke heimelen som omfattar midlertidig forbud mot tiltak. Etterlyser tilbakemelding på innsendt innspel. | Det vert ikkje sendt svar til kvar enkelt som har innspel til rullering av KPA. Svaret ligg i planframlegget og vurderingane kan framkome på ulike måtar, mellom anna gjennom denne matrisa og kartinnsynsløysinga på web.<br><br>Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 612 | Svein Bruvik mfl. | 36/9, 13 | Foldnes | Bustad og kDP | Ber om at innspelet vert vurdert på nytt. Viser til handsaming av frådelingar, sist 20.3.2013. Argumenterar med at det på synfaring i forbindelse med søknad om frådeling, er slått fast at området ikkje er eigna for friluftsliv. LNF området er alt punktert med bustader, utviding av bustadområde vil vera i tråd med målet om fortetting. VA er etablert inn til området. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 624 | Straume Consult AS | 36/10 54 | Foldnes | Bustad og KDP | Registrerar at innspel 325 er avslått med argument framtidig KDP. Viser til matrisa der 36/13 står med anna vurdering. Merknaden som har vore fremja fleire gonger tidligare fokuserar på moglegheten for å skape eit foregangsprosjekt mht miljø og berekraftig etablering. Er betenklig til at større selskap blir prioritert. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng og bør vurderast i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Matrisa som det vert vist til var eit arbeidsdokument, prosessen endte med å utsette endringar i dette området til ein seinare overordna planprosess.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 627 | Øystein Dyrdal | 36/474 | Foldnes | Naust og KDP | Er usamd i vurderingane som er gjort i konsekvensutgreiinga knytt til verdiane av friluftsliv og landskap, og meiner i tillegg at mindre endringar i strandsona bør kunne gjennomførast utan å vente på ein KDP for heile området. Utbygging av nabonaust er satt på vent for at han skal få tilkomst, meiner også at utbygging vil vera med å sikre at steinblokkar rasar ut på nabotomt og folk som ferdast i området. Bilete vedlagt viser området som er tenkt som nausttomt. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 652 | Torill Foldnes m. fl | 36/478 mfl | Foldnes | Naust og KDP | Ønskjer ny vurdering av innspel 287 (2013), og at området vert omgjort frå LNF til naust. Bakgrunnen for innspelet er avslag på dispensasjon og byggesøknad. Er usamd i vurderingane og viser særskilt til verdisettinga av området som friluftsliv og folkehelse. Meiner KU kan tolkast som at innspelet vil hindre bading og turgåing, dette er ikkje intensjonen i innspelet. Viser til historisk bruk av området, og at utbygging vil vera ei naturlig vidareføring av denne maritime kulturarven. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 723 | B. Telle Trearbeid | 36/4,7 | Foldnes | Bustad, rekreasjon land og sjø - områdeplan - KDP | Ønskjer ny vurdering av innspel 230 (2013), og meiner utvikling i samsvar med innspelet vil vera eit viktig område å utvikle som eit alternativt til den konsentrerete utbygginga i Sotra Kystby. Ønskjer innspelet innarbeida, og at det vert gjennomført ein påfølgjande planprosess i samarbeid med kommunen i form av ein områdeplan. | Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 724 | Lars Foldnes | 36/1031 | Foldnes | Bustad - KDP | Ønskjer ny vurdering av innspelet og viser til at arbeidsmatrisa tilrådde endring. | Matrisa som det vert vist til var eit arbeidsdokument, prosessen endte med å utsette endringar i dette området til ein seinare overordna planprosess.<br><br>Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 756 | Lars Paul FOldnes | | Foldnes | krav om KDP | Etterspør framdrift for KDP nordre Litle Sotra. Føler seg tilsidesastt og neglisjert ved at innspela frå 2013 ikkje er behandla. | Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 777 | Stracon | 30/1054 | Foldnes | Bustad - KDP Foldne, Våge.. | Ønskjer innspill 325 (2013) vurdert på nytt | | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 628 | Ole Jan Gavlen | 36/30 | Foldnes | Funksjonell strandsone og KDP | Stiller spørsmål ved heimel til å sette alle tiltak på vent, med bakgrunn i kravet om KDP. Meiner det er uheldig at FS delar bustadformålet i to, og ber om at FS blir justert, samt bustadarealet utvida. Det er også ønskjeleg å tilrettelegge for naust, småbåtanlegg og badeplass og ønskjer omgjering av formål frå LNF til eit formål som opnar for desse tiltaka. Saknar tilbakemelding på innspel og viser til vurdering av FS. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 659 | Austre Foldnesmarka felleseie | | Foldnesmarka | Friluftsområde og KDP | Merknaden har bakgrunn i fleire grunneigarar som har signert ein intensjonsavtale om å danne eit felleseige for austre Foldnesmarka, ca 1500 mål. I planframlegget til KPA 2014 er det foreslått at det skal utarbeidast ein KDP for nordre Litle Sotra. I oppslag i Vestnytt 26.6.2014 framkjem det planar for eit areal som Fjell turlag har erverva av grunneigarlaget, og dei stiller spørsmål ved desse planane i forhold til plankravet i framlegget til KPA, og kritikken til den konstruerte konflikten mellom turvegen og ny tilførselsveg til Foldnes (drøfta i arbeidet med RP Sotrasambandet). Fjell turlag må som alle andre vente på ein KDP. | Tiltak som fremjer friluftsliv, og er allment tilgjengelege er i samsvar med LNF-formålet (sjå planomtale og føresegner).<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 660 | Søre Foldnesmarka felleseie | 36/1-10 | Foldnesmarka | parkering, småbåtanlegg/naust | Hadde innspel 2013 om endring frå LNF til parkering, småbåtanlegg på land/naust. Forstår det slik at det er forståing for behovet, men at endringane ikkje vert gjennomført då det er ønskelig med ein KDP for nordre Litle Sotra. Meiner at denne endringa må kunne gjennomførast utan å måtte vente på ein KDP. Tiltaka er i samsvar med målsettingane for rulleringa og skal opne for allmenheten, og gje tilgang til båtslipp, parkering, båtopplag og tilgang til sjø. Viser til tidligare dispensasjon i 2008, der KPU var positive, men avslag hos FM. Ved revisjon av KPA i 2011 vart innespelet avvist då det kun var mindre justeringar som skulle gjennomførast. | Ingen innspel som gjeld endra arealbruk nord for Straume er innarbeida i framlegg til ny KPA. Vurdering av framtidige arealdisponeringar i desse områda må sjåast i samanheng i ein overordna planprosess for heile nordre Litlesotra. Ønske om endring kan ev. sendast som nytt innspel til framtidig planprosess for vurdering.<br><br>Det vil kunne bli utfordringar med å vente for lenge med oppstart av ein overordna plan for nordre Litlesotra. Ein plan for desse områda bør difor prioriterast i planstrategien.<br><br>Det pågår fleire RP i området som kan forbetra trafikktryggleik, og kanskje løyse noko av parkeringsproblematikken.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 730 | Einar Geitanger | | Geitanger | Samferdsel | Merkanden gjeld innspel om fastlandssamband til Geitanger, og ønskjer at dette vert markert i kartet, utan rettsverknad. Er villig til å ta på seg kostnadane for utgreiing av eit forprosjekt. | Fastlandsamband vil ikkje vera aktuelt i denne planperioden. Det vil difor ikkje vera hensiktsmessig å vise dette i kartet. Intensjonen om å sjå på moglegheitene for å sjå på eit slikt samband i ein seinare plan kan løftast fram i planomtale.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014, men det er ein politisk ambisjon om å vurdere eit evt. samband på sikt. | | |
| 734 | Einar Geitanger | 31/6 | Geitanger | Molo | Reduserar omfanget på innspel 283 (2013), for å bygge ein liten molo til vern mot nordavind. Frå land og ut til flua ca 20-25 m frå land. Målet er å skjerma kaien på Geitanger. | Merknaden reduserer omfanget på innspelet frå 2013. Det er vanskeleg å sjå korleis ein molo (der den er merka av i kartet i merknaden) vil kunne skjerme kaien på Geitanger.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 611 | Arild Halvorsen | | Geitanger | Kai | Det er naudsynt med ny kai for rutebåten til Geitanger. Ber om at innspelet som plasserar denne i tilknytning til Keilo blir sett bort i frå og dei to andre innspela vurdert. Vedlagt skisse. | **Teke til orientering.** Merknaden trekker tilbake innspel 152 frå 2013. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 616 | John Ingvald Økland | | Haganes | Bustad | Merknaden fokuserar på viktigheten av å omgjere formålet frå fritidsbustad til bustad. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 621 | Trond Børholm | | Haganes | Bustad | Området som er hytte og fritidsbustad på Haganes eignar seg ikkje lengre til slik bruk. Argumentasjon: Nærleiken til Skaganeset industriområde, nye bustader i nærområdet, frtidsbustader for sal blir ikkje selt. | Omgjering av fritidsbustader til bustadformål er ikkje tema for denne rulleringa av KPA. Det er truleg fleire slike område som kan utviklast til bustadområde i kommunen. Vurdering av endra arealdisponeringar i område med fritidsbustader må sjåast i samanheng. Dette bør gjerast samla, og det er derfor ikkje tilrådd å gjere endringar frå fritidsbustad til bustad i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 590 | Hugo Storesund | 13/30 | Hitsøy | Naust og båtplassar | Er usamd i vurderingane som er gjort for innspel 2013, ber om at innspelet vert tatt til følgje slik at det kan etablerast naust og båtplassar. | Tiltaket grenser tett til statleg sikra friluftsområde på holmen rett ved. Området egna som badeplass. Det meste av Hitsøya og sjøen ikring er registrert som regionalt viktig friluftsområde.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 632 | Isbragdet hyttelag | | Isbragdet hyttelag | Fritidsbustad | Viser til omgjering av formålet frå fritidsbustad til LNF ved rullering av KPA i 2007, og samtalar med tidligare komitemedlem der ulik argumentasjon er framsatt. Isbragdet hyttelag har forstått det slik at intensjonen med endringa er at det på sikt ikkje skal vera bygningar igjen i området. Ønskjer svar på kven som foreslo endringar i arealbruken, kva grunngjeving endringa hadde og kva prosess endringa var del av. | Endring av formålet i 2007 hadde bakgrunn i at ein gjennomgjekk eksisterande hytteområde i kommunen og vurderte framtidig bruk av desse. Bakgrunnen for dette var at Fjell kommune, som vekstkommune, må husholdere med arealet og såg behovet for å revurdere fritidsformålet som heilhet. Altså kommunen sjølv foreslo endringa. Dette resulterte i at nokon område vart vurdert som aktuelle transformasjonsområde og omgjort til bustad med plankrav (t.d. Snekkevik), nokre blei liggande som fritidsbustad med potensialet for fortetting (t.d. Haganes), og andre igjen blei omgjort til LNF (t.d. Isbragdet og Nordre Bildøy). LNF hindrar ikkje bruken av dei eksisterande hyttene, men formålet opnar ikkje for nye byggetiltak.<br><br>På bygd eigedom er det tillate med mindre tiltak, fasadeendring og etablering av vass og kloakkanlegg. LNF formålet opnar derimot ikkje for bygging av nye fritidsbustader. Idag er det naudsynt med dispensasjon frå 100 metersbeltet, ny plan innfører FS som byggegrense og tiltak i FS vil kreve søknad om dispensasjon (FS ligg her nærmare sjøen enn 100 meter), i praksis ingen endring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 572 | Vigdis Pedersen | 2/2 | Kallestad | LNF spreidd | Er positive til at det er lagt inn eit LNF spreidd område i Kallestadmarka, men foreslår ei anna plassering der tilkomst og utvikling av tomtene vil medføre rimeligare og meir attraktive tomter. Viser til ein disp søknad (22.1.2008, 2007/1804), der kommunen var positiv og fm negativ, frådeling derfor ikkje gjennomført. | Merknaden gjeld innspel 411 frå 2013 og LNF spreiddformålet som vart lagt inn i planframlegget. Dei ønskjer justering av dette formålet, lengre nordvest og høgare i terrenget for å unngå myr og knausar. I planframlegget er formålet redusert i forhold til innspelet i samsvar KU/ROS og for å unngå busetnad med innsyn til Fjellspollen, bygging i høgda, på kollar og knausar. Bygging i nordvest som merknader ønskjer vil kunne medføre større fjernverknad til Fjellspollen og områda ikring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 676 | John Arild Kallestad | | Kallestad | LNF spreidd | Ønskjer ny vurdering av innspel 261 frå 2013, meiner fleire av vurderingane i KU, særskilt knytt til landskap og kulturverdiar er feilaktige. Ei omgjering frå LNF til LNF spreidd vil ikkje hindre drift, og tilpassing til landskap og steingardar kan sikrast i føresegner og gjennomføring av eit framtidig tiltak. Pga landbruksinteresser er det ikkje ledig areal innanfor det som i KPA 2011 er satt av til LNF spreidd. Det er alt gjort inngrep i form av sprenging for å hente ut steinmasser. Merknaden skisserar også synspunkt på forvaltning av LNF område, klausulering av drikkevasskjelda Kørilen og kjerneområde for landbruk. | Merknaden har argumentasjon som nyanserer utfordringane med utbygging i LNF spreidd på Kallestad. Med tanke på å ivareta steingardar, landskap og kulturverdiar er det til ein viss grad mogleg å ivareta dette gjennom føresegner, men utbygging vil føre til oppstykking av grunnlaget for landbruksdrift.<br><br>Merknaden gjeld eit område som er ein del av eit større samanhengande jordbruksareal og gardsbruk i drift. Det er to bustadhus i dag knytt til tunet. Dersom formålet utvidast mot nordvest vil det kreve tilkomst gjennom eit gardstun. I tilegg går Nordsjøløypa gjennom området. Ei utviding av formålet vil ikkje nødvendigvis opne for nybygging då omsyn knytt til landbruksinteressene må vurderast i ein eventuell byggesak.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 763 | Property Investment AS | 30/1, 275 | Knappskog | Bustad og VA buffer | Gjeld innspel 381 (2013). Innspelet er silt bort pga VA buffer. Det er forståing for den reelle problematikken, etter dialog med ansvarlige for VA i kommunen. Foreslår at kommunen endrar planen og omgjer arelbruken frå LNF til bustad, men krav om at VA problematikken vert løyst før utbygging kan starte. Vil vurdere å etablere eige kjemisk reinseanlegg i samarbeid med VA etaten. Kjemisk reinsing burde vera eit kvalitetskrav på nye reinseanlegg bygd av kommunen, også for Ågotnes. | Planframlegget skal gjennom buffersonene sikre at avlaupsområde vert halde adskilt, etter dagens lovverk (forureiningslova). Sonene kan revurderast ettersom lovverket opnar for dette, men det vil aktuelt i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 664 | Martin Engelsen | 33/418 | Kolltveit | Naust | Er usamd i planframlegget der eigedomen er omgjort til LNF. Det er planar om å bygge naust på tomta. | Området ligg som bustad i gjeldande plan, er omgjort til LNF med bakgrunn i vurderingar knytt til nærleiken til tunnellinnslag for Sotrasambandet og at området derfor er ueigna til byggeområde.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 675 | Statens Vegvesen | | Kolltveit | Bandleggingssoner golfbane | Tilleggsuttale somgjeld bandleggingssone for erstatningsareal til golfbanen. Vegvesenet tilrår å justere bandleggingsone tfor ikkje å vere i konflikt med ny kryssløysing som skal kople saman trase for fylkesveg frå nord og sør med fastlandssambandet.<br><br>Ber også om snarleg oppstart av RP for erstatningsareal for golfbanen. | Kommunen ser det ikkje som noko problem at desse overlappar, då sona berre bandlegg området i påvente av detaljregulering. Avgrensingane og eventuelt kva som skal nyttast som erstatningsareal gjerast i detaljplan.<br><br>Det er samtidig mogleg å justere bandleggingssona i forhold til reguleringsplan for Rv555. Datagrunnlagt (sosisfil) for å gjere desse justeringane har vore etterspurt, men ikkje levert i tide for gjera endringar.<br><br>**Politisk konklusjon:** Endrar i samsavar med merknad dersom grunnlaget vert framlagt. | | |
| 578 | Laila Eithun Kobbeltvedt | 33/18 | Kolltveit | Bustad | Viser til innspel frå 2013 og ønskjer området omgjort til bustadformål. Det er ikkje landbruksdrift i området som gjer at grønstrukturen vil bli holdt i hevd gjennom tradisjonell drift. Foreslår omgjering til bustad med fokus på alternativ bruk av grønstrutkturen, t.d. parsellhagar. Kolltveit ligg tett på utvikling av Sotra Kystby og i perspektiv av planperioden varer fram til 2026 er det naturlig å omdisponere arealet til bustad. Intensjonen i vedlagt ideskisse er parsellar og ein variert bustadstruktur som viser at grunneigar og kommunen jobbar mot same mål - attraktive bustadområde. | Merknaden kjem med utfyllande opplysingar, og viser ambisjonane om fortetting og bevaring av grønstruktur. Kolltveit ligg tett på utviklinga av kystbyen, og derfor eit naturleg område å konsentrere bustader i. Samstundes har Kolltveit viktige kvalitetar som er viktige for nærmiljøet, og som må sjaast i samanheng med ei vidare utvkling av staden, utover den aktuelle eigedomen. Det kan vera aktuelt å sjå på området merknaden gjeld i ei seinare rullering. Innspel om ny arelbruk må då sendast på nytt. Planframlegget sikrar tilstrekkelig bustadareal for planperioden.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 631 | Prosjektstyring Vest AS | 33/12 | Kolltveit | Bustad | Delar av innspel frå 2013 er innarbeida i planframlegget (30 daa), og det er ønskjeleg at 18 nye dekar vert omgjort frå LNF til bustadformål. Eit framtidig bustadområde her vil ha nærleik til store turområde, kraftlinja vert lagt i bakken (pågåande prosjekt), eit større område kan planleggast i heilhet, kort avstand til både Straume og Ågotnes, ikkje i konflikt med strandsone eller turområde. det er godkjent veg og infrastruktur til eksisterande bustadområde. | Merknaden kjem med utfyllande opplysningar om pågåande prosjekt og potensiale i området. Planframlegget har tatt innspelet frå 2013 delvis til følgje med å legge inn 30 daa bustadareal. Ytterligare utviding bør eventuelt vurderast ut i frå bustadkapasiteten ved seinare rullering. Planframlegget sikrar tilstrekkelig bustadareal for planperioden.<br><br>For å inkludere området med høgspent må det gjerast vesentilg endring av formål, dette er ikkje tilrådelig då dette vil krevje ny høyring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 655 | Olav Kobbeltvedt | 33/417 | Kolltveit | Naust | Er usamd i omgjering av 33/417 frå bustad til LNF. Krev at naust på 33/417 vert tilbakeført til naustområde. Meiner dei aktuelle sjøtomtene uavhengig av den gule fargen (bustadformål) i gjeldande KPA 2011 har hatt status som naustområde. | Endring frå bustad til LNF formål endrar ikkje bruken av eksisterande naust. Det vil framleis vera mogleg å bruke dette og vedlikehalde det som før. Og opne for nye naust no, gjennom eit naustformål, er ikkje tilrådelig. Ei slik vurdering bør eventuelt gjerast etter at ein kjenner verknaden av eit nytt samband.<br><br>Merknaden gjeld eit område som låg som byggeområde - bustad, med plankrav i KPA 2011. Innanfor dette formålet ligg det eitt naust. Delar av bustadformålet låg også i FS. Arbeidet med nytt Sotrasamband viser at tunnellinnslag truleg vil koma tett på i søre delen av dette byggeområdet. Byggeformålet er teke ut då potensialet for utbygging er redusert. Blant anna vil støy og luftforureining redusere kvaliteten.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 692 | Ingvill Anita Morlandstø | 30/26 | Kolltveit | Bustad | Omgjering frå LNF til Bustad | Merknaden kjem ikkje med utfyllande opplysningar, men ønskjer ei ny vurdering. I planframlegget er det lagt inn mindre område med bustadformål i tilknytning til bustadområde der eksisterande avkøyrsler kan brukast. Tilrår ikkje ytterligare endring i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 735 | Nils Kåre Glesnes og Johannes Kobbeltvedt | 33/587 | Kolltveit | Kombinert formål | Ønskjer ny vurdering av innspel 427 (2013) og viser til tverrpolitisk semje i tidligare handsaming. Ønskjer ny vurdering av behovet for å endre formål på aktuell eigedom slik at Knutepunktet Kolltveit parker og reis anlegg kan realiserast, då det er trong for dette i området sett i lys av andre byggeprosjekt. Ønskjer også at arealplannemnda fremjar tracealternativet som er vedteke av Fjell KS og avviser framlegget frå SVV om ny tunnelltrase og inngripen i 33/587. | Det er ikkje tilrådelig å gjere endringar av arealbruken i området der det pågår regulering av nytt Sotrasamband. Samfunnsnytten av eit nytt vegsamband er avgjerande.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 775 | OPUS bergen AS | 33/6 | Kolltveit | Bustad | Merknaden gjeld området aust for skulen som i planframlegget er omgjort frå bustad til LNF, med bakgrunn i at området ikkje lenger eignar seg til bustadutvikling pga nytt Sotrasamband. Området har vore under regulering sidan 2006, satt i bero i påvente av RP Sotrasambandet. Merknaden argumenterar med at støyskjerming er planlagt og at endringa er gjennomført utan å varsle grunneigar og tiltakshavar. Endringa medfører at kommunen opptrer som uforutsigbar myndighet. | Merknaden gjeld eit område som låg som byggeområde - bustad, med plankrav i KPA 2011. Innanfor dette formålet ligg det eitt naust. Delar av bustadformålet låg også i FS. Arbeidet med nytt Sotrasamband viser at tunnellinnslag truleg vil koma tett på i søre delen av dette byggeområdet. Byggeformålet er teke ut då potensialet for utbygging er redusert. Blant anna vil støy og luftforureining redusere kvaliteten. Sjå planomtalen 5.4.1.<br><br>Endring frå bustad til LNF formål endrar ikkje bruken av eksisterande naust. Det vil framleis vera mogleg å bruke dette og vedlikehalde det som før. Og opne for nye naust no, gjennom eit naustformål, er ikkje tilrådelig. Ei slik vurdering bør eventuelt gjerast etter at ein kjenner verknaden av eit nytt samband.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 573 | Fjell Turlag | | kommunen generelt | Parkering | Ønskjer at det opnast for at parkering i tilknytning til turområde vert innarbeida i føresegnene. Det bør også settes krav om å sikre tilkomst til naturområdet og stier der det er mogleg ved utbygging. | Dette er alt innarbeida i planframlegget gjennom føresegner til LNF områda. Det har også vore særskilt fokus på nærturterreng i planarbeidet jf. Rapport om nærturterreng i Fjell. Sjå planomtalen kap 5.8.5<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 570 | Norgeshus Øygarden | 21/100 og 11 | Kårtveit | bustad | Delar av eigedomen er i planframlegget omgjort til bustad, men det er ønskelig at eit større område vert tatt med. Store kostnader for regulering medfører dyre bustader. | Området for bustadbygging er avgrensa jf. overordna prinsipp om å vidareføre LNF område med omsyne til grønstruktur. Dette området utgjer ein grønkorridor som bind sjø saman med midtmarka. Det er ikkje tilrådelig å gjere ytterligare endringar enn det som alt er gjort.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 635 | Kenneth Landro | 21/100 | Kårtveit | Bustad | Er usamd i vurderingane knytt til innspel 199 (2013), der berre delar av innspelet er omgjor til bustad. Argumenterar med at området ikkje benyttast i dag, at resten av utmarka er beslaglagt som LNF, og at området er ei naturlig utviding av eksisterande bebyggelse. Viser til kapasitet på infrastruktur. Foreslår på vedlagt skisse eit kompromiss der bustadområdet vert utvida nordover. | Gjeld same område som 570 | | |
| 687 | Sotra Trelast AS | 24/15 | Landro | Bustad | Ønskjer omgjering frå LNF spreidd og LNF til bustad. | Merknaden er delvis overlappande med innspel 408 (2013.) LNF Spreidd er vidareført, men det bør i seinare rullering vurderast eit klarare skilje mellom bustad og LNF. Området kan då bli aktuelt å vurdere. Tiltår ikkje endring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 596 | Oksen Eigedom AS | 24/11 | Landro | Spreidd næringsformål | Ønskjer 5 mål omgjort til spreidd næringsformål for å bygge 2-4 hytter til utleige og ei administrasjonsbygg. Verksemda er kobla til næringa på Oksen, og viktig for den framtidige drifta der. | Merknadner reduserar omfanget av innspelet 434a frå 2013. Det er ikkje tilrådelig å opne fritidsbebyggelse på Landro som er eit bustadområde i vekst.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 560 | Hans Dyrøy | 24/7 | Landro | Bustad og offentlig areal | Store delar av innspela er blitt tatt til følgje, og merkanden gjeld utfyllande informasjon/korreksjon av vurderingane knytt til teknisk infrastruktur og trygg skuleveg oppgitt i vurderingane av innspela 86 a - d (2013). Det er eit ønskje at plankravet for bustadområda vert delt opp og ikkje omfatte fleire grunneigarar. Merknaden gjeld også arealet avsett til offentlig formål (ny kyrkjegard), og kommunen vert oppfordra til å opprette dialog med underteikna så tidlig som råd er. Meiner forøvrig av kvota for nordre fjell må aukast, eventuelt omgjerast til bustad. | I planframlegget er delar av Landro omgjort frå LNF spreidd til bustadformål. For å få ei heilskapleg vurdering av utviklinga på denne staden er det viktig at plangrensene ikkje nødvendigvis følgjer eigedomsgrensene.<br><br>Når det gjeld areal til ny kyrkjegard vert dialog med grunneigar følgd opp av kommunen. Det vil bli nødvendig med ein fullstendig gjennomgang av LNF spreidd formålet i kommunen i ei seinare rullering.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 562 | Tomtefor midling AS | | Langøy | Bustad | Området bør vurderast på nytt då området ligg utanfor omsynssone for kulturminne, (feilaktig opplsyning i KU). Ønska areal ligg høgare enn funnområda og er truleg i mindre grad i konflikt med kulturminner. Det argumenterast med at området er ei naturlig utviding av godkjent bustadområde. Området er sikra vegtilførsel, vatn og avløp. | Merknaden gjeld eit areal som i stor grad ligg i FS og det vert ikkje gjort nokon ny vurdering av FS i denne rulleringa. Merknaden legg opp til utbygging av resten av den søraustlege delen av Langøy. Det er ikkje tilrådelig og utvikle meir bustadareal i denne planperioden, då det alt er vedteke planar med bustader på Langøy.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 597 | Hans og Margit Lauvik | 16/2 | Langøy | Kaste og låssetting | Presiserar at det kun var kaste- og låsettingsområdet (KL) i Langøyvik dei ønskte ut av planen, ikkje i andre delar av kommunen. Viser til kommentarar i matrisa frå 2013. Registrerar at planframlegget har vurdert innspel 307 positivt. | Merknaden er tatt til orientering. Matrisa som følgde høyrinsutkastet i 2014 var eit arbeidsdokument og gjengir ikkje nødvendigvis det planframlegget som vart sendt på høyring. Når det gjeld kaste- og låssettingsområdet er det berre Langøyvik som er tatt ut/redusert.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 682 | Geir Ove Stusdal | | Langøy | Naust | Ønskjer ny vurdering av innspel 259, usamd i vurderingane av at det er å rekne som eit nytt naustområde. | Merknaden gjentek at det er eit område som har vore i bruk i lang tid, og at det har vore eit naust på eigedomen. I Sefrak er det registrert ein naustruin på eigedomen.<br><br>Det er ikkje tilrådelig å legge inn eit naustformål då det ikkje er tenkt/ønskelig å etablere noko anna enn det som har vore der tidligare.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 748 | Husbyggernes innkjøpskontor | 16/21 | Langøy | Naust | Gjeld innspel 316 (2013). Ønskjer endring av plankartet slik at KPA viser naustformål i bakkant av småbåtformålet, i motsetning til i planframlegget som viser alt som småbåtformål. | Når planen vart sendt på høyring pågjekk RP for området. Høyringsframlegget viste gjeldande RP generalisert, dvs at berre hovudformålet vert vist. Sidan planen var på høyring har RP blitt vedteken og KPA oppdaterast med gjeldande RP.<br><br>**Politisk konklusjon:** Plankartet oppdaterast i forhold til gjeldande planstatus | | |
| 550 | Roy Eddy Lie | 49/14 og 3 | Liaskjeret | Bustad | Fortetting av bustad på Liaskjeret, rundt snuplassen (busstopp) og omgjering av LNF spreidd F1 til bustad. Breiare bustadstruktur og bygging kring etablerte funksjonar i lokalsamfunnet gir god måloppnåing i forhold til målsettingane i planprogrammet om å stimulere til aktive og levande lokalsamfunn. Foreslår at delar av området kan få særskilt plankrav. Meiner også at området ikkje lenger er eit LNF spreidd område, men bustadområde. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Kystbyen. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Liaskjæret. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Liaskjæret. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>Fram til ny Fv er utbetra er det ikkje tilrådelig med større utbyggingar i denne delen av kommunen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 551 | Roy Eddy Lie | 49/36 og 41 | Liaskjeret | Bustad | Meiner føringane for LNF spreidd som krev utbygging med store tomter ikkje er formålstenelig for dei aktuelle eigedomane. Ønskjer desse omgjort til bustad for å kunne utvikle eit variert bustadtilbode, både til eldre og unge i etableringsfasen. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Kystbyen. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Liaskjæret. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Liaskjæret. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>Fram til ny Fv er utbetra er det ikkje tilrådelig med større utbyggingar i denne delen av kommunen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 649 | Lars Oskar Lie | 49/1 | Liaskjeret | Bustad | Ber om ny vurdering av eit mindre areal av 49/1 på Liaskjeret. Fortetting i dette området som i dag er LNF spreidd gjerast best gjennom bustadformål med plankrav. Fortetting vil styrke sentrum i grenda og vera med på å definera dette som ein stad der innbyggjarane kan møtast. Nærleiken til allaktivitetshuset, Liaskjerhallen og Libasbruken er vesentlige grunnar for å fortette. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Kystbyen. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Liaskjæret. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Liaskjæret. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>Fram til ny Fv er utbetra er det ikkje tilrådelig med større utbyggingar i denne delen av kommunen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 689 | Prosjektstyring Vest AS | 49/2,26,53 | Liaskjæret | Bustad | Viser til innspel 300 (2013) som gjeeld omgjering frå LNF til bustad. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Kystbyen. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Liaskjæret. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Liaskjæret. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>Fram til ny Fv er utbetra er det ikkje tilrådelig med større utbyggingar i denne delen av kommunen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 713 | Ard Areaplan, | 48/178 | Liaskjæret | Bustad | Merknadern gjeld innspel 178 (2013) og var gjenstand for grovsiling før KU. Merknaden held ved argument for å gjere om LNF til almenyttige formål som grunnlag for å etablere eit senter for bu- og opplæringstilbod. | Merknaden kjem ikkje med nye opplysingar. Vert ikkje tilrådd. Merknaden gjeld innspel frå 2013 som vart grovsilt i ein tidlig fase, jf. eitt eller fleire overordna prinsipp. Forslag til endra arealbruk vart difor ikkje vurdert i KU/ROS.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 754 | Peder Lie | 49/1,31 | Liaskjæret | Bustad | Viser til innspel frå Henry Lie og Prosjektstyring Vest på vegne av Liebasbruket. Ønskjer ny vurdering av innspela om ei endring av arealbruken som kan opne for ei heilskapleg regulering av eit bustadområde. Viser til førspurnad om regulering av bustad i 2009, sak 238/09. Arbeidet med RP har vore satt på vent i påvente av KPA. Vedlagt illustrasjon over området. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Kystbyen. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Liaskjæret. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Liaskjæret. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>Fram til ny Fv er utbetra er det ikkje tilrådelig med større utbyggingar i denne delen av kommunen. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar no.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 773 | Øystein Lie Karlsen | 49/15,37 | Liaskjæret | Næring | Merknaden gjeld forslaget om utviding av Libasbruket. Som grunneigar av næraste bustad vil dei kome med følgjande merknader: 1) Nausttomt (naust og båtplass) og vegrett på holmen må ivaretakast. 2) bustaden har avløp gjennom det omsøkte området, og det må etablerast ei robust løsying for framtida. 3) Trafikksituasjon og tilkomsten til Libasen er dårlig, må sikrast betre med tanke på ferdsel for barn og vaksne. 4) Det forventast etter naboskap i 100 år at framtidig drift er forenelig med godt bustadmiljø (trafikk, støy og estetikk) | Vegretten er privatrettsleg og er uavhengig av arealbruk og KPA.<br><br>I ein framtidig reguleringsplan vil pkt 2. 3 og 4 vere naturlege tema som skal løysast gjennom regulering av hamneområdet. Det er viktig at naboane er aktive i ein slik prosess, for å medverke til gode løysingar.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 543 | Jorunn Nina Lokøy | 14/170 | Lokøy | Bustad og naust | Gjeld tre teigar, to av desse er LNF og er ønskt omgjort til naust. Den tredje teigen er delvis LNF spreidd og er ønskt omgjort til bustad. | Delar av området blei omgjort til LNF spreidd i planframlegget 2014, etter adm forslag. Naustområda er ikkje vurdert tidligare. Det er ikkje tilrådeleg å legga inn nye naustformål.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 563 | Arvid Henry Lokøy | 14/169,170 og 171 | Lokøy | Bustad /LNF spreidd | Området ønskes omgjort frå LNF til byggeområde. Hensikten ved frådeling var hus og naust | Delar av området blei omgjort til LNF spreidd i planframlegget 2014, etter adm forslag. Naustområda er ikkje vurdert tidligare. (jf. 543, Nina Lokøy)<br><br>Planen styrkar potensialet for tilgang på båtplassar ved å opne for småbåthamn på Lokøy. Det er tilrådelig å samle båtplassane for å få til gode løysingar. Formålet LNF hindrar ikkje båtfeste.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 704 | Ard Areaplan, | 59/1 | Misje | Bustad | Ønskjer ny vurdering av innspel 354 (2013) og meiner endringa til LNF spreidd ikkje opnar for den utnyttinga det bør vere på Misje, nær busshaldeplass skule, og med relativt kort avstand til Ågotnes. Ønskjer ny vurdering og endring til bustadformål. | Denne rulleringa har vist at det må gjerast ein gjennomgang av LNF spreiddområda i kommunen. Særlig gjeld dette dei områda som ligg tett på Ågotnes. Det er behov for å reindyrke bustadformålet, og fase ut LNF-spreidd. Dette kan også vera aktuelt på Misje. For å gjennomføre ei slik endring trengs det ei grundig vurdering av kva som skal vera bustad, og kva som skal vera LNF. Merknaden peikar på heilt klare kvalitetar på Misje. Fram til vurderinga av LNF-spreidd formålet er gjennomført er det viktig å forvalte områda på ein god måte, slik at kvalitetane staden har i dag vert ivareteke.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 618 | Jan Roger Iversen | 32/15 | Morland | Bustad | Er usamd i vurderingane som er gjort for innspel 339d Fjell kommune er i stor vekst og det er behov for nye bustadområde. Ber om at innspelet blir revurdert. Gjer også merksam på at forsamlingshuset på 339e ikkje er planlagt omdisponert til bustad. | Kjem med utfyllande opplysingar og kommenterer kommunen sine vurderingar.<br><br>Tilrår ikkje å gjera endringar av arealbruken i eit område som ligg så tett på reguleringsplan for ny fv 561. Det vil vera vanskeleg å vurdera kva verknader ny fv vil ha for dette området med tanke på støy, og andre nærmiljøkvalitetar. Morland har kvaltitetar som t.d. nærleik til skule, noko som kan gjere staden aktuell for meir bustadbygging i framtida. Desse vurderingane må gjerast etter at ny fv er detaljregulert. Innspel som gjeld ny aralbruk kan ev. sendast inn ved neste rullering av KPA.<br><br>Forsamlingshuset kan halde fram som dette, og det blir innarbeida eit føresegnsområde som ivaretek desse interessene.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 774 | Arvid N Morlandstø | 30/26, 32/9 | Morland | Bustad og friområde | Merknaden gjeld innspel på Morland og argumentasjon for ytterligare utviding av bustadformål. Merknaden inneheld også historiske opplysningar om dialog mellom han som grunneigar og kommune vedrørande friområde og innløysing. | Det er lagt inn mindre endringar av arelabruken på Morland. Det er ikkje tilrådeleg å gjere større endringar før verkandane av ny fv er kjent.<br><br>Morland har kvaltitetar som t.d. nærleik til skule, noko som kan gjere staden aktuell for meir bustadbygging i framtida. Desse vurderingane må gjerast etter at ny fv er detaljregulert. Innspel som gjeld ny aralbruk kan ev. sendast inn ved neste rullering av KPA.<br><br>Retten til innsløysing etter pbl. § 15-1 gjeld formåla: "(...) areal til offentlige trafikkområder, offentlige friområder, fellesområder, fornyelsesområder eller til statens, fylkets og kommunens bygninger og grav- og urnelunder(...)"<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 683 | Nitor bygg og anleggstjenester | 6/1,2, 26,103 | Nese | LNF spreidd | Ønskjer eit større område omgjort frå LNF til LNF spreidd for å forsvare reguleringskostnadane. | LNF-spreidd er i utgangspunktet ikkje eit byggeformål, men eit formål som skal sikra LNF. Samstundes opnar formålet for spreidd bygging av bustader, tilpassa landbruksinteresser, kultur- og naturlandskap og bygdestruktur. Dette formålet må ikkje forvekslast med byggeformål for bustad.<br><br>Det er ikkje tilrådeleg med ytterlegare utviding av LNF-spreidd formålet.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 626 | Straume Consult AS | 6/30-41 | Nese | Naust | Viser til oppstartsmøte 22.7.2012 der oppstart vart fraråda då det var i strid med arealformålet i KPA. Sendte derfor innspel til KPA og satte planen i bero. Meiner det er nødvendig å vurdere denne på nytt, då tomta er bratt og lite tilgjengelig for allmenta. Tomta ligg i eit eksisterande naustområde. Det er ønskelig å utvide med 3 nye naust, som ikkje vil auke privatiseringa, men gje fleire tilgang. | Området ligg i funksjonell strandsone. Det er ønskjeleg å gjennomføre ei grundig vurdering av FS i heile region vest. Innspel som gjeld nye naustformål i gjeldande FS er avvist i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 663 | Byggmester Reidar Vallestad | 64/4 | Nese | Bustad | Merknaden gjeld innspel 2013, omgjering til bustad, det vert også vist til merknad 584 i 2014. Etter signal på folkemøte der det vart peika på at det er ønskelig med utbygging i heile kommunen og større område som kan sikre offentlege infrastruktur og gode friområde med god tilkomst, er det ønskjeleg at innspelet vert vurdert på nytt. Området ligg i FS,men ikkje i verneområde. ei samla regulering vil kunne stå for ei utbygging av (kommunal) badeplas/friområde og gje tilkomst til sjø og friområde. | same område som til 584 | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 786 | Svein K Sekkingstad | 6/1 | Nese | LNF | Ønskjer eit område som i planframlegget er avsatt til grønstruktur omgjort tilbake til LNF for å vere i samsvar med faktisk bruk. | Endringa merknaden viser til gjeld ikkje grønstruktur, men omgjering frå LNF til LNF-spreidd. Endringa er ikkje i strid med landbruksinteressene, då føresegnenen til KPA sikrar jordvern (skal ikkje byggast på dyrka eller dyrkbar mark).<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 592 | Hugo Storesund | 14/30 | Risholmen | Naust | Er usamd i vurderingane som er gjort for innspel 2013, ønskjer å kunne oppføre 3 stk naust på ei tomt som det tidligare har stått ei nothenja (sjøbu) på, kaien står der enno. Alternativt er det ønskjeleg å kunne oppføre nothenja og kai slik den var. | Rullering av arealdelen har ikkje lagt ut nye byggeområde for naust, men utvida nokre eksisterande. Merknaden gjeld eit areal som ligg ved Storesund, med omsynssone kulturmiljø. Denne omsynsona tilseier at det er eit stort potensialet for kunnskapsformidling i området, tiltak og prosjekt som fremjar dette potensialet og/eller sikrar offentlig tilgjenge skal derfor prioriterast. Tiltak innanfor denne sona må særskilt vurderast ved søknad.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 648 | Tore Lothe | 10/52 | Skoge | Bustad | Har ei tinglyst tomt, bustadtomt, tilbake til 1972. Bygging på vent for VA løysing, tidlig på 80-talet ønskelig å bygge, men ikkje mogleg då området ligg i LNF. Kan ikkje sjå tinglysing av denne endringa. Viser også til uklarheter i kvar tomta er og meiner dette kan vera grunnen til at området er avsatt til formå LNF og ikkje bustad. Det ligg VA i veg fram til eigedom. Ønskjer at kommunen vurderar denne merknaden på nytt. | Det er framleis mange eigedommar som ikkje er kartfesta, sidan det var andre krav til kartfesting av eigedommar på den tida eigedommane vart kjøpt. Dersom grunneigar ønskjer å få eigedommen kartfesta må det tingast oppmålingsforreting hos kommunen.<br><br>Tidlegare frådelingar overstyrer ikkje arealbruken. I Fjell er det mange tomter som kanskje var tenkt til bustad, men som ikkje lenger ligg i eit arealformål som tillett bustadbygging. Det at arealbruken endrar seg kan ha bakgrunn i politiske føringar, lokalt og/eller nasjonalt. Sjå planomtalen 5.4.1 .<br><br>Området er ein del av eit større samanhengande naturområde, som saman utgjer utmark med beite og friluftsinteresser. Utbygging her vil utgjere ein kile inn i den samanhengande utmarka.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 778 | Stracon | 10/3 | Skoge | | Ønskjer ny vurdering ,og viser til at KU ikkje peika på særskilte negative konsekvenser for innspel 179 (2013), med unntak av hjortetråkk. | Ei utviding av bustadfeltet på Skoge/Møvik vil kunna føra til at bustadområdet på Møvik veks heilt saman med Ulveseth. Området utgjer ein viktig grønkorridor som er kopla mot midtmarka. Denne grønkorridoren bør ivaretakast som ein kvalitet og ressurs for innbyggjarane i Fjell og særskilt nærmiljøet.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 601 | Rolv Harkestad | 15/211 | Skålevik | Bustad | Ønskjer eit område som grensar til pågåande RP omgjort frå LNF til bustad. Veg og kommunalteknisk anlegg vert ført fram til området gjennom tilgrensande RP. | Merknaden oppklarar ei misforståing, og legg ved eit utsnitt av ønska justering av bustadformål i framlegg til KPA. Området merknaden gjeld grensar til eit område som er under regulering til bustad (Fagredalen).<br><br>Tilrår ikkje endring då området som er ønska som bustad ligg eksponert mot sør og vestsida. Viktig å ivareta terrenget og knausen i vest, som er del av det arealet merknaden gjeld. Dette for å skjerme pågåande utbygging.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 559 | Tomteformidling AS | | Sekkingstad | Bustad | Merknaden gjeld innspel 298 (2013) og det blir argumentert for at området er eigna som byggeområde og samanliknast med byggeområde på Sekkingstadsletta. Innspelet er ikkje omfatta av buffersona - VA, og det vert stilt spørsmål ved argumentasjon knytt til nærleiken til marka. Ber om at området revurderast. | Ytterligare utviding av bustadområdet på Sekkingstad bør eventuelt vurderast ut i frå bustadkapasiteten ved seinare rullering. Planframlegget sikrar tilstrekkelig bustadareal for planperioden.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 574 | Marit Skålevik | 15/200 | Skålevik | Bustad | Sendte innspel i 2013 som gjaldt omgjering av offentlig formål til bustadformål. Opna for offentlig formål på annan teig. Innspelet vart ikkje teke til følgje. Ønskjer tilbakemelding på kva planar kommunen har for området? Og stiller spørsmål ved om kommunen kan bandleggje arealet utan å kjøpe dette arealet. Kva lovheimel byggjer kommunen dette på? merknaden er sendt som kopi til ordførar og rådmann. | I vedteken skulestruktur har kommunen valt å satsa på Skålevik skule, areal som opnar for framtidig utviding er viktig med tanke på fleksibiliteten i det offentlige tenestetilbodet. Ytterligare utviding av bustadområdet på Skålevik bør eventuelt vurderast ut i frå bustadkapasiteten ved seinare rullering. Planframlegget sikrar tilstrekkelig bustadareal for planperioden.<br><br>I etterkant av folkemøte på Ågotnes vart det sendt ei tilbakemelding på lovheimel og opplysningar om grunneigars rettighetar. Denne eposten vart sendt 4.9.2014.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 581 | Bjørg Sørhage | 15/32, 149, 150 | Skålevik | LNF spreidd | Ønskjer området omgjort frå LNF til LNF spreidd, og tomter til barnebarn. Området er ikkje eit attraktivt friluftsområde og vanskelig tilgjengelig frå andre bustadområde. Stiller spørsmål ved kvifor andre område har formål LNF spreidd. Viser til frådeling av tomt på 0,8 daa i 2013. | Området er vurdert å kunne vera aktuelt for framtidig utbygging som bustadformål, men ikkje i denne planperioden, då bustadkapasiteten i området er god. LNF spreidd formålet er under vurdering for heile vestsida, men for SKålevik er det vidareført der det ligg i denne planperioden.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 641 | Torsbygg Eigedom AS | 15/312 | Skålevik | Bustad | Ønskjer ei ny vurdering av det offentlige formålet på eigedomen. Eigedomen er del av reguleringsplan. Viser til at det er gjort utvidingar av offentlig formål rundt Skålevik skule og at dette styrkar argumentasjonen om omgjering frå off. formål til bustad for den aktuelle eigedomen. | Planframlegget vidarefører gjeldande RP, og endringar for areal som alt er detaljregulert må gjerast som ei reguleringsendring.<br><br>Til opplysning er det ikkje lagt inn nytt offentlig areal ved Skålevik skule, men det er vidareført frå gjeldande plan eit areal for eventuell utviding.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 767 | Kjell Håkon og Hilde Vik | 43/431 | Snekkevik | Bustad | Presiserar at deira merknad ikkje er den same som den større reguleringsplanen for 43/32. Ber om ny vurdering. | Vurderingane som er gjort for Ebbesvikområdet vil gjeld også for 43/431.<br><br>Merknaden gjeld innspel frå 2013 som vart grovsilt i ein tidlig fase, og er ikkje vurdert i KU/ROS. Bakgrunnen for denne grovsilinga er at det er eit særskilt behov for å vurdere dette området då det ligg tett på utviklinga av Kystbyen. Særskilte tema som må vurderast nærmare er samanhengande grønstruktur, sosial- og teknisk infrastruktur.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 643 | Dag Mathias Furevik | | Solsvik | Naturmangfald og friluftsliv, nærturterreng | Kjem med kommentarar som gjeld naturmangfald og friluftsliv i tilknytning til vurderingane av innspel nr 170,233 og 234, og nærturområdet for Solsvik, Landro og Vindenes. Viser til hekkeområde for fiskemåke og storspove i området. Froskar i myrområde ved Tjødnhaugen. Peikar på behovet for å halde open tilkomsten til nærturterrenget, at nettet av stiar idag er kobla mot Nordsjøløypa og Fuglavatnet. Fuglavatnet er eit mykje bruka bade og friluftsområde. Stiane er i bruk av barn og vaksne og bind saman grendene, og delar av stiane er gamal skuleveg. | Viktige opplysingar som adm tek med seg . Dette bør sjåast i samanheng med merknad frå Landro grendalag (607) og John Egil Sørensen (634). Tilrår stipling av turveg, men med krav om RP dersom standarden skal vera universelt utforma. Sjå planomtalen 5.8.5.<br><br>**Politisk konklusjon:** Synleggjera intensjon om turveg i kartet og planomtalen | | |
| 558 | Jostein Misje | | Solsvik utmark | Næring | Stiller seg undrande til at arealplannemnda avviser innspelet frå grunneigarane av Solsvik utmark om å utnytte utmarka til næring og bustad. Ei utvikling av dette området ville også opne for vegtilkomst til eige næringsområde med 800 m2 lagerbygningar og kaier som for tida ligg brakk. | Arealbruken for både Vindenseskvarven og Solsvik utmark skal vurderast og avklarast i framdtidig planarbeid. Tilkomst til nærinsområdet merknaden viser til, kan verta eit tema i denne planprosessen.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 737 | Grunneigarane av Solsvik utmark | | Solsvik utmark | Næring | Ønskjer ny vurdering av innspel (2013). Ber om at ein skil mellom Solsvik utmark og Vindeneskvarven, og meiner dette er to forskjellige område som bør behandlast separat. Solsvik utmark kan aleine forsyne FK med tilstrekkelig næringsareal dersom ein omgjer arealet til næring. Ber om seperat KU med formål næring, hamn, eventuelt i kombinasjon med bustad. | Arealbruken for både Vindenseskvarven og Solsvik utmark skal vurderast og avklartat i framdtidig planarbeid.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 718 | Pål Atle Solheimssnes | 26/260 | Solsvik utmark | Næring | Merknaden gjeld delar av Solsvik utmark, og det vert argumentert med nærleiken til eksisterande næringsområde Hummerparken. Omgjering vil gjere det mogleg å utvikle Hummerparken som i dag ligg brakk. | Arealbruken for både Vindenseskvarven og Solsvik utmark skal vurderast og avklartat i framdtidig planarbeid.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 603 | Josein Nilsen | 30/415 | Spjeld | Naust og fritidsbustad | Viser til innspel 178 (2013) og manglande informasjon i matrisa. Det er i vurderinga berre vist til innspel nr 238. Meiner kommunen ikkje har forholdt seg til lova når det gjeld involvering og informasjon når formålet vart endra frå fritidsbustad til LNF i 2007. Formålsendringa gjer det vanskelig (FM avslått dispsøknad) å bygge naust i tilknytning til hytte. | Høying av planframlegget er gjort i samsvar med krava i pbl. Det vert ikkje sendt svar til kvar enkelt som har innspel til rullering av KPA. Svaret ligg i planframlegget og vurderingane kan framkome på ulike måtar, mellom anna gjennom denne matrisa og kartinnsynsløysinga på web.<br><br>Innspel 178 frå 2013 er vurdert på same grunnlag som innspel 238, dette er årsaken til framstillinga i matrisa som fulgte høyringsframlegget.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 703 | Ard Areaplan, | | Straume sør | Bustad | Gjeld innspel 423,364,375 og 265 (2013) og ønskje om ny vurdering. Områda ligg i eit attraktivt område for bustadbygging tett på eit storstilt senterutvikling, i samsvar med samordna areal og transportplanlegging. | Det er behov for å sjå grønstruktur og framtidig utbygging på Litlesotra i samanheng. Gørne område er ein svært viktig kvalitet, som er pressa i dei tettast utbygde områda i kommunen.<br><br>Søre delar av Litlesotra har også utfordringar knytt til infrastruktur og dei samla vurderingar gjer at innspela frå 2013 er avslått i denne omgang.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 709 | Solli Eigedom AS | | Straume sør | Næring | Ønskjer ny vurdering av innspel 424 (2013) og held fram argument om at det er viktig at arealet sør for eksisterande næringsområde får ein arealbruk, som gjer det mogleg å etablere ein buffer med støv- og støyfri næring mot bustadområde i sør. | Det er behov for å sjå grønstruktur og framtidig utbygging på Litlesotra i samanheng. Gørne område er ein svært viktig kvalitet, som er pressa i dei tettast utbygde områda i kommunen.<br><br>Søre delar av Litlesotra har også utfordringar knytt til infrastruktur og dei samla vurderingar gjer at innspela frå 2013 er avslått i denne omgang.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 725 | Rita Syltøy | 12/8 | Syltøy | LNF spreidd | Ønskjer ny vurdering av innspel 481 (2013) og viser til ambisjonen om levande bygder. | Planframlegget som låg på høyring har lagt inn utviding av eksisterande LNF-formål, for å imøtekoma ønska vekst og ønskjet om levande bygder. Merknaden gjeld eit innspel som ligg i funksjonell strandsone, og vil difor ikkje vera aktuelt som LNF-spreidd.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 769 | Ragnhild Austarheim | 53/6 | Tellnes | LNF | Ønskjer omgjering frå LNF spreidd til LNF for å sikre landbruksdrift. Slik formålet ligg no opnar dette for bustadbygging tett på innmarka. Ønskjer vidare at jordbruksarealet i bygda og dei tilhøyrande utmarksområda mellom Haganes, Tellnes og Fjell Festning skal ivaretakast som LNF. Landbruket er ei næring som er avhengig av stabil arealforvaltning. | LNF-spreidd er i utgangspunktet ikkje eit byggeformål, men eit formål som skal sikra landbruks-, natur, og friluftsinteressene. Samstundes opnar formålet for spreidd bygging av bustader, tilpassa landbruksinteresser, kultur- og naturlandskap og bygdestruktur. Dette formålet må ikkje forvekslast med byggeformål for bustad.<br><br>Endringa er ikkje i strid med landbruksinteressene, då føresegnenen til KPA sikrar jordvern<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 708 | Ard Areaplan, | 1/5 | Trengereid | Bustad | Gjeld innspel 220 a (2013) og ønskjer ny vurdering og omgjering til bustaformål med krav om at ny Fv skal ligge til grunn før oppstart av planarbeidet. Meiner vurderinga må sjåast saman med 219 og 220b for å få ei best mogleg utvikling. | Merknaden gjeld innspel om bustadaral på grensa mot Sund kommune og Skogsskiftet. Å stimulere til vekst tett på kommunesenteret i Sund har vore ein intensjon i planarbeidet. Det pågår også planarbeid i Sund som grensar opp til område merknaden viser til. Det vil difor vera aktuelt å sjå på arealdipsoneringa av dette området i seinare planarabeid. Det er ikkje tilrådeleg å gjere større endringar før verkandane av ny fv er kjent. Rulleringa av kommuneplanen bør ikkje gjera endringar i ein annan overordna plan, som KDP for fylkesveg 555, trase Kolltveit-Austefjorden.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 712 | Ard Areaplan, | 1/2 | Trengereid | Bustad | Gjeld innspel 219 (2013) og ønskjer ny vurdering og omgjering til bustaformål med krav om at ny Fv skal ligge til grunn før oppstart av planarbeidet. Meiner vurderinga må sjåast saman med 220 a og b for å få ei best mogleg utvikling. | Merknaden gjeld innspel om bustadaral på grensa mot Sund kommune og Skogsskiftet. Å stimulere til vekst tett på kommunesenteret i Sund har vore ein intensjon i planarbeidet. Det pågår også planarbeid i Sund som grebsar opp til område merknaden viser til, Det vil difor vera aktuelt å sjå på arealdipsoneringa av dette området i seinare planarabeid. Det er ikkje tilrådeleg å gjere større endringar før verkandane av ny fv er kjent. Rulleringa av kommuneplanen bør ikkje gjera endringar i ein annan overordna plan, som KDP for fylkesveg 555, trase Kolltveit-Austefjorden.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 650 | Turøy Grendalag | | Turøy | Fritidsbustad | Grendalaget på Turøy fremjar argument som tidligare er sendt inn til behandling av RP for hytter på Turøy. Ønskjer at dei argumenta som er relevant for arealbruken også vert vurdert i rulleringa av KPA. Hovudargumentet er at belastninga på lokalsamfunnet er for stort og at utbygginga ikkje tilfører noko positivt for øya sine fastbuande. Ønskjer primært at fritidsformålet vert teke ut av KPA. Alterntivt at det vert fastsett ei tal på einingane, og lagt føringar som hindrar framtidig fortetting.<br><br>Ønskjer at det skal vera mogleg å bygge bustader på Turøy og at KPA bør sikre at fastbuande har mogleghet til å få båtplass, og aller helst naust. | Reguleringsplanen for hytteområde har vore til førstegangsbehandling. Det vert ikkje lagt nye føringar for området i KPA.<br><br>På Turøy er det lagt opp til utviding av eksisterande LNF-formål og eit mindre småbåtformål, for å imøtekoma ønska vekst og levande bygder. I RP for fritidsformålet vert det lagt opp til naustformål.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 617 | John Atle Sekkingstad | 60/143 | Turøy | Naust | Ønskjer å bygge naust på eit område som ikkje krev sprenging eller andre større inngrep i terrenget. Reagerar på forskjellsbehandlnig, då det like i nærheten i medhald av RP for hyttefelt er lagt opp til naustbygging. | I behandling av RP for fritidsbustader har omfanget av tiltak på sørvest sida av Turøy blitt redusert av omsyn til naturmangfald. I området merknaden gjeld er det LNF med omsynssone for friluftsliv.<br><br>Arealdelen har hatt fokus på samlokalisere båtplassar og det er utvida eit småbåtformål på Turøy, noko lenger nord. (merknad 690, sjå under)<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 744 | John Atle Sekkingstad | 60/143 | Turøy | Naust | Merknaden er tillegg til innspel 294 (2013). Argumenterar for endring av naustformål ved å vise til vurderingar i RP for fritidsbustad på Turøy | Sjå 617 | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 553 | Steffen Grøhn | | Turøy og kommunen generelt | Diverse | Merknaden tek for seg 5 punkt, der det fyrste punktet er knytt til at kvota for bustadbygging i LNF spreidd på Turøy er for knapp. Dei resterande punkta er generelle oppfordringar til kommunen: få fleire til å bygge leilighetar, varighet og gjennomføring av byggeløyve, behovet for attraktive bustadtomter med sjøutsikt og behovet for nausttomter og båtplassar. Siste punktet gjeld val av trase for Sotrasambandet. | Merknaden som gjeld byggekvota i LNF er relevant for dette planarbeidet, dei andre merknadene er generelle og rettar seg i stor grad mot tema som ikkje ligg til denne planprosessen å avgjere. Det må likevel seiast at at behovet for attraktive bustadområde og tilgang til sjø er eit sentralt tema for planprosessen og dette har ført til at det er lagt ut nye område for bustad og byggeformål ved sjø som kan nyttast til naust, båtopplagring mm. Bakgrunnen for utlegging av nye formål er basert på ei heilskapleg vurdering av samfunnsutviklinga i Fjell, prinsippa som ligg fast i planprosessen og innspel frå private.<br>I planframlegget er byggekvotenen i LNF-spreidd samla for eit større område. Turøy er no ein del av kvoten for nordre Fjell (LNF-spreiddområdet A - 31 bustadeiningar).<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 679 | Nitor Bygg og anleggstjenester | 7/1, 21 og 32 | Tveita | Bustad | Ønskjer omgjering av 7/32 og 7/1 til bustad for å kunne regulere desse saman. Arealet merknaden gjeld er redusert areal frå førespurnad om regulering, handsama av KPU 3.12.2013. Det er gjort avtalar med grunneigarar, og semje om ev. regulering. For eigedomen 7/32 var det sendt innspel i 2013. | Etter at arealdelen var på høyring har KPU tilrådd oppstart av RP for bustad i området. I samråd med HFK og FM vil endring av arealbruken medføre ny høyring.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 614 | Silje Ulveseth | 8/4 | Ulveseth | Bustad | Ønskjer ei ny vurdering av innspel 399a (2013), og meiner at den aktuelle teigen ikkje er eigna som LNF. Omgjering frå LNF til bustad vil vera i samsvar med arealstrategiane for kommunen (planprogram 4.1.1). Frå før av ligg det eit hus med tilknyting til off. veg, vatn og avløp, og det er hensiktsmessig og bruke den allereie etablerte infrastrukturen. | Merknaden kjem med argumentasjon for at området ikkje er aktuelt som næringsareal og at det ligg bra til rette for å utvide med ein bustad.<br><br>Ytterligare bygging av bustad i dette området vil vera på å auke presset på omkringliggande landbruksormåde som er i drift, og såleis vera negativt for framtidig landbruk og denne næringa. Erfaringane er at for kvart bustadhus som vert etablert vil grensene mot landbruksarealet bli flytta og jordressursane redusert.<br><br>Ulveseth og Fjell gard er begge område som har fleire gardsbruk i drift. Det er derfor viktig å ta omsyn til landbruket og gi dei rom og tilfredsstillande driftsvilkår. Vidare drift og nye etableringar i landbruket er på lang sikt avhengig samanhengande områder utan utbygging.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 625 | Straume Consult AS | 10/3 | Ulveseth | Bustad | Viser til 10 års historikk med vurderingar og avslag. Meiner arelet utgjer ein naturlig utviding av eit eksisterande bustadareal. Ligg tett opp til det som er i ferd med å danne tyngdepunktet i området ved den nye butikken. Det vert vist til KDP bustadutvikling og fortetting rund eksisterande allmenne funksjonar. Stiller spørsmål ved kven som blir prioritert. | Same området som 778 | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 694 | margot Ulveseth | 41/466 | Valen | Bustad /Industri | Omgjering frå LNF til bustad og/eller industri. | Merknaden gjeld eit område som ikkje er vurdert i innspelsrunden 2013. Innspel til eigedommane sør for 41/466 er vurdert med følgjande grunngjeving: Drøftingane på Valen har hatt fokus på at dette er eit pressområde, der grøne verdiar er viktig for dei som skal bu i området i framtida. Nytt Sotrasamband vil ha effekt på nordlige delar av Valen, og vurderingar av arealdisponeringar tett opp til nytt sotrasamband må gjerast etter at verknadane er kjent. Kan ha potensiale som byggeområde i framtida. Behov for utbetring av lokalveg. Det pågår utbygging i området i dag.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 582 | Aksel Andreas Valen | 41/301 | Valen | Bustad | Er usamd i vurderingane av innspel 107 innsendt i 2013. Avslaget er begrunna med at området er utsett med tanke på ny vegtrase rv 555. Meiner vurderingane er i strid med SVV sine vurderingar av området, og viser til støykart. Ber om møte for å forklare ytterligare. | Sjå vurdering 647 | | |
| 647 | Aksel Andreas Valen | 41/301 og 302 | Valen | Bustad | Må sjåast i samanheng med merknad 582. Gjentek behovet for ny vurdering av innspel 107 (2013), og meiner Valen i planframlegget er nedprioritert og gjenspeglar ein 0-ambisjon om utvikling i området dei neste 20 åra. | Drøftingane på Valen har hatt fokus på at dette er eit pressområde, der grøne verdiar er viktig for dei som skal bu i området i framtida. Samstundes har det vert ein ambisjon om å utvikla staden Valen, og det pågår ein del i området i dag. Nytt Sotrasamband vil ha effekt på nordlige delar av Valen, og vurderingar av arealdisponeringar tett opp til nytt sotrasamband må gjerast etter at verknadane er kjent.  Kan ha potensiale som byggeområde i framtida. Behov for utbetring av lokalveg. Det pågår utbygging i området i dag.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 727 | Eivind Fjæreide | 41/20, 746 | Valen | Bustad, småbåt, grøntområde | Ønskjer ny vurdering av innspel 109a (2013) og kjem med utfyllande argumentasjon. | I landskapsanalysen er Valen peika på som eit område som kan fortettast, men at strandsona og rekreasjonsområde med stor verdi for bukvaliteten i området må i vareatakast.<br><br>Områda som er foreslått til bustadområde er dei siste områda med dyrka mark på Valen. Teigane er små, og driftstilhøva vanskelege pga nærleiken til bustadområde. Dette opnar opp for bruka av t.d. parsellhagar og alternativ landbruksdrift.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 714 | Ard Areaplan, | 26/6 | Vindenes | Bustad og FS | Merknaden gjeld innspel 157 (2013) og argumenterar for endring av FS, og at det omsøkte arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde | Innspelet i 2013 er ikkje teke til følgje fordi det er ønskjeleg å gjennomføre ei grundig vurdering av FS i heile region vest. Sjå planomtalen 5.8.2.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 764 | Oddvin Vindenes | 26/3 | Vindenes | Naust og Vindenskvarven | Ønsker ny vurdering av innspel 74 og 134, som gjeld naust og molo. Merknaden opplyser også om at han brukar Vindeneskvarven til sauebeite. | I planframlegget er det gjort ei mindre justering av naustformålet, slik at oppdragssplass/slepp er innanfor for formålet. Naustformålet opnar ikkje for molo.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 720 | Fjell utvikling AS | 25/2 og 26/333 | Vindeneskvarven | næring | For å oppnå ambisjonen om næringsutvikling på Vindendeskvarven bør området vidareførast som framtig næring med henssynssoner for natur- og frilufstlivinteresser og kulturminne. Ønskjer krav om områdeplan framfor KDP. Dette vil sikre at Fjell forblir ein attraktiv stad for eksisterande næringar og nye etableringar. | Arealbruken for både Vindenseskvarven og Solsvik utmark skal vurderast og avklartat i framdtidig planarbeid.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 610 | Anne Helen Methlie | 38/1 | Våge | Bustad | Er usamd i vurderingane knytt til innspel levert inn i 2013, der LNF er vidareført. Meiner området har liten verdi som LNF. | Ingen innspel er tatt til følgje nord for Straume. Endringa er ikkje tilrådd i KU/ROS. Ønske om endring kan sendast som nytt innspel til framtidig planprosess.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 680 | Trygve Wåge | 38/6 | Våge | Bustad | Viser til innspel 203 (2013) og ønskjer ei ny vurdering for å omgjera eit mindre areal frå LNF til bustad. Innspelet vart avslått då det må sjåast i samanheng med ein framtidig KDP for nordre Litle Sotra. Arealet er ei utviding av eksisterande bustadområde, og det er ønskelig å bygge nokre nye bustader. Eigedomen er stor, men det er ikkje areal/formål til å bygge på. | Merknaden gjeld innspel frå 2013 som vart grovsilt i ein tidlig fase, jf. eitt eller fleire overordna prinsipp. Forslag til endra arealbruk vart difor ikkje vurdert i KU/ROS.<br><br>Konkret vurdering må sjåast i samanheng med ein KDP for heile Nordre Litlesotra. Ønske om endring kan sendast som nytt innspel til framtidig planprosess.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 760 | FjellVAR AS | | Våge | VA | I forbindelse med planlegging av nytt avløpsreinseanlegg er det ønskelig at det vert avsatt areal til desse føremåla. | Sidan mesteparten av tiltaka vil etablerast under bakkenivå er det ikkje riktig å endre arealbruken. Tilrår å legge eit føresegnsområde for den delen av anlegget som er i dagen, som gir føringar i samsvar med pågåande RP.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring formål, men innarbeida føresegnsområde. | | |
| 726 | Ard Areaplan, | | Våge-Hjelterygge n | Bustad, næring, off.privat | Kjem med utfyllande opplysningar og kommentarar til føringane for innspel 383 (2013). 5 punkt er løfta fram, framtidig vegtrase, omsynssoner og arealformål, gjennomføringssoner, FjellVAR og lufting frå nytt reinseanlegg. | Tiltak som gjeld nytt rensanlegg vert løyst gjennom RP for nytt avløpsreinseanlegg på Våge. Sett i lys av at veksten skal styrasst mot Sotra Kystby tiltår ikkje adm. ei slik utbygging. Området har viktige kvalitetar knytt til naturmangfald og friluftsliv som bør løftast fram i ein KDP for Nordre Litlesotra.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 688 | Jakob E Ågotnes | | Ågotnes | Bandleggingssone VA/bustad | Ønskjer å krevje innløysing då bandleggingssona ikkje gjev råderett over eigedomen. | Planframlegget skal gjennom buffersonene sikre at avlaupsområde vert halde adskilt, etter dagens lovverk (forureiningslova). Sonene kan revurderast ettersom lovverket opnar for dette, men det vil ikkje bli aktuelt i denne rulleringa. Området som merknaden gjeld ligg i nedslagsfeltet for Hagarvatnet, som er ei krisedrikkevasskjelde.<br><br>Retten til innsløysing etter pbl. § 15-1 gjeld formåla: "(...) angitt som areal til offentlige trafikkområder, offentlige friområder, fellesområder, fornyelsesområder eller til statens, fylkets og kommunens bygninger og grav- og urnelunder(...)"<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 755 | Olav Fagerbakke | 28/5 | Ågotnes | VA buffer og Bustad | Er usamd i fastsetting av VA buffersone, og meiner avgrensingane av innspel 321 er gjort på feil grunnlag. Området eignar seg svært godt. Merknaden kommenterer også skjøtsel av lynghei og turvegar på Spjeldsjellet (og manglande kart). | Innspelet til aralbruk frå 2013 er avgrensa etter fastseting av buffersone for VA. Dette må ikkje forvekslast med nedslagsfelt for drikkevatn. Planframlegget skal gjennom buffersonene sikre at avlaupsområde ikkje smeltar saman, etter dagens lovverk (forureiningslova). Sonene kan revurderast ettersom lovverket opnar for dette, men det vil ikkje bli aktuelt i denne rulleringa.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 705 | Ard Areaplan, | 9/9 | Åse | LNF spreidd og FS | Ønskjer ny vurdering av innspel 141 (2013) som gjeld utviding av LNF spreidd. Ei justering av grensa vil såleis visa det reelle tilhøvet på staden. Ei oppjustering av kvota på LNF spreidd vil kunne føre til at området får eit mindre privatisert utrykk og betre tilkomsten for ålmenta. | LNF-spreidd formålet på Åse er ikkje utvida, hovudårsaken til dette er utfordringar knytt til infrastruktur.<br><br>I planfranmlegget er byggekvotenen i LNF-spreidd samla for eit større område. Åse er no ein del av kvoten for midtre Fjell (LNF-spreiddområdet D - 30 bustadeiningar).<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |

| Merknad nr. (dokumentnr i ePhorte) | Avsendar | g/bnr | Område | Arealbruk | Samandrag | Vurdering | endeleg plan 2015 | høyringsutkast 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 584 | Norconsult AS | 64/4, | | | Er usamd i vurderingane knytt til fire av fem innspel frå 2013. 1) Held fast på at innspel 415 er eit område som eignar seg til bustadbygging, men respekterer politikarane si avgjersle om å ikkje opne for bygging no. 2) Fjell gard, er samd i føringane i kravet om områdergulering knytt til å ta vare på historia til det gamle kommunesenteret, men meiner viser til planstrategien og at ein områderegulering ikkje er prioritert. Kravet om områderegulering er urealistisk i nær framtid og bør takast ut. 3) Ønskjer at RP skal fastsette avgrensinga mellom bustad og LNF av omsyn til utnytting av arealet og vurdering av verdiar knytt til landbruk, natur, landskap, kulturminne mm. Og ønskjer at gjennomførsingssone H810_49 tar dette opp iseg. 4) Held fast at innspel 419 representerar eit område som eignar seg til bustadføremål, og er usamd i at dette er ein avgjerande ressurs for landbruket. Men aksepterar at det ikkje er eit politisk ønskje om utbygging her. | 1) Merknaden gjeld innspel frå 2013 som vart grovsilt i ein tidlig fase, jf. eitt eller fleire overordna prinsipp. Forslag til endra arealbruk vart difor ikkje vurdert i KU/ROS.<br><br>2)Kommunen rullerer planstrategien kvart år, og den avgher kva planar som skal priorierast. Når det gjeld utviklinga av Fjell gard er det også avjgerande at ny fv 555 er regulert.<br><br>3) Vurdering av mindre justeringar av formålsgrensene kan løysast gjennom pågåande RP. Endringar utover dette må gjerast som ei formålsendring i KPA, og ikkje gjennom krav knytt til gjennomføringsgssone (plankrav).<br><br>4) I framtidig arealdisponering er det viktig å ta omsyn til landbruket og gi dei rom og tilfredsstillande driftsvilkår. Vidare drift og nye etableringar i landbruket er på lang sikt avhengig samanhengande områder utan utbygging.<br><br>Saman med Fjell gard er Ulveseth viktige område med større samanhengande jordbruksareal og gardsbruk i drift. Vurdering av nye område sør for vegen er avslått fordi dei saman utgjer eit landskapet som er spesielt, med slake enger og beitemark med spreidde gardstun. Ein bør difor unngå utbygging her.<br><br>**Politisk konklusjon:** Ingen endring av høyringsutkast 2014. | | |
| 779 | Stracon | 6/30,41 | | | | Sjå 626 | | |
| 784 | Einar Geitanger | | Geitanger | | | Sjå merknad 734 | | |
| 785 | FjellVAR AS | | | | | Sjå merknad 760 | | |
| 788 | Einar Geitanger | | Geitanger | Samferdsel | | Sjå merknad 730 | | |
| 789 | Ard Areaplan, | 42/3 | Brattholmen | | Tilleggsopplysningar, merknaden gjeld innspel 343 og ikkje 406 (2013). | **Teke til orientering** | | |